

Møteinnkalling

Utval:	Partssamansett utval
Møtestad:	Videomøte frå fylkesutvalsalen i Bergen og Hella i Leikanger
Dato:	02.09.2019
Tid:	12:00

Program

Kl 12:00 - Opning og saksbehandling

Slik deltek du på møtet:

Frå nettlesar (Chrome): <https://vm.hfk.no/?conference=fuvsalen@vm.hfk.no>

Frå Skype for Business (Lync): sip:fuvsalen@vm.hfk.no

Frå videokonferansesystem: 'fuvsalen@vm.hfk.no'

Frå videoklient eller Skype: 'fuvsalen@vm.hfk.no'

Frå telefon: (+47) 570 007 98 Konferanse-ID: 55239082#

Viktig informasjon:

Logg på møtet i god tid, sjekk at eige utstyr fungerer som det skal. Til dømes at det er rett kamera som er i bruk. Bruk "headset" når du deltek frå PC/nettbrett. Steng eigen mikrofon når du ikkje snakkar.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i partssamansett utval. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Jenny Følling
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 17/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 5/19	DPO 1.1 Rettleiingstenester - sluttrapport	2019/2138	
RS 6/19	DPO 1.5 Tilbudsstruktur sluttrapport	2019/2142	
RS 7/19	Medarbeidarundersøking i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 18/19	Framlegg til partssamansetting av Yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune	2018/15997	
PS 19/19	Etisk reglement	2018/16486	
PS 20/19	Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 21/19	Retningslinjer for gåver og påskjøning til tilsette	2018/16486	
PS 22/19	Reglement for registrering av gåver og andre fordelar for tilsette	2018/16486	

PS 17/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Notat

Dato: 08.07.2019
Arkivsak: 2019/2138-1
Saksbehandlar: ninlud

Til: Partssamansett utval (PSU)

Frå: Prosjektlear Rune Haugsdal

DPO 1.1 Rettleiingstenester - sluttrapport

Vedlagt er sluttrapport frå DPO 1.1 Rettleiingsstenester.

Vedlegg:
Sluttrapport



Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Sluttrapport for delprosjekt 1.1 Rettleiingstenester

Fylkesdirektøren si tilråding

Innhald

Innhold

Fylkesdirektøren si tilråding	1
1. Innleiing	3
1.1 Om delprosjektet – oppdraget	3
1.2. Delprosjektet har gjort tilrådingar innanfor rettleiingstenester:	5
2. Oppgåveløysing og organisering.....	5
2.1 Oppgåveløysing og organisering i dagens to fylkeskommunar	5
2.2 Utfordringar med dagens organisering og oppgåveløysing?	8
2.3 Korleis organiserer og utfører vi oppgåva/oppgåvene som ein fylkeskommune?	8
2.4 Vinning og nytteverdi	9
2. 5 Ressursberekning.....	10
3. Sentrale politiske avklaringspunkt.....	10
4. Tilråding	11
5. Andre kritiske avklaringspunkt	15

1. Innleiing

Delprosjekt 1.1- rettleiingstenester har følgjande organisering og medlem:

Delprosjektleder: Kenth Rune Teigen Måren
Delprosjektneleiar: Annbjørg Laupsa
Prosjektgruppe: Torbjørn Mjelstad, Sissel Brusegård, Jasmin Eminovic, Margunn Fosso Sande

Prosjektet har etablert desse undergruppene for å hente inn naudsynt kartlegging og kompetanse

- 1.1.1: Pedagogisk psykologisk teneste, to deltakarar frå kvart fylke.
- 1.1.2: Oppfølgingstenesta, ein deltakar frå kvart av fylka.
- 1.1.3: Opplæring i bedrift to deltakarar frå kvart fylke,
- 1.1.4: Vaksenopplæring, ein deltakar frå kvart av fylka.
- 1.1.5: Karriererettleiing, ein deltakar frå kvart av fylka

1.1 Om delprosjektet – oppdraget

Delprosjektet sitt oppdrag var å vurderer korleis ein, i samsvar med krava i opplæringslova, skal sikre ei heilskapleg god rettleiing, koordinering og oppfølging til elevar, lærlingar, ungdom utanfor opplæring og arbeid og vaksne. Delprosjektet har kartlagt og vurdert ulike løysingar for rettleiingstenestene med verknad frå 01.01.2020.

Delprosjektet har hatt eit sektorperspektiv, og lagt følgjande grunnprinsipp til grunn for vurderingane:

1. Elevar og lærlingar skal møte ei opplæring med høg kvalitet
2. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
3. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester har nærleik, likeverd, samhandling og dynamikk som viktige føringar for å måla i grunnprinsippa.

Nærleik: Sikre nærleik til elevar, lærlingar, lærebedrifter/opplæringskontor, tillitsvalde, skular og andre brukarar, slik at ein blir opplevd som tett på dei tenestene som skal ytast - dette skal sikre tillit, tid, tilgjengelegheit og høg kvalitet på tenestene.

Likeverd: Likeverdige tenester og likehandsaming i forvaltninga

Samhandling: Sikre tverrfagleg samhandling, heilskap og fleksibilitet i oppgåveløysinga

Dynamikk: Organiseringa må bidra til at organisasjonen er i stand til å justere seg og utvikle seg etter endra behov – vi byggjer på ein fleirfagleg fellesskap som arbeider mot få felles overordna mål

Desse målsetjingane er etablert etter omfattande arbeid i avdelingane i dei to fylkeskommunane og med rektorane for dei vidaregåande skulane. Delprosjektet tilrår med utgangspunkt i grunnprinsippa og målsetjingane, korleis Vestland fylkeskommune kan tilby heilskapleg rettleiing og oppfølging innanfor:

- PPT
- oppfølgingstenesta (OT)
- opplæring i bedrift
- vidaregåande opplæring for vaksne

Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester har, med utgangspunkt i oppdraget, diskutert ulike problemstillingar om ansvar og plassering av karriererettleiing. I diskusjonane knytt til den administrative organiseringa av sektorar

og avdelingar i Vestland fylkeskommune, har ein hatt ulikt syn på om karriererettleiingstenesta er heimehøyrande i avdeling for opplæring og kompetanse eller i avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Avgjersla er at karriere Vestland skal ligge i avdeling innovasjon og næringsutvikling og er såleis ikkje inkludert i denne rapporten.

Jamfør prosjektplanen skal *delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* kome med tilråding på rolla, storleiken, organisatorisk plassering og bruk av digitale løysingar/verktøy i rettleiingstenestene. I drøftingar rundt grenseflater mot andre delprosjekt er det avklart at digitale løysingar/verktøy i rettleiingstenestene vert handsama av *Dp 1.7-digitalisering, sluttvurdering, dokumentasjon og IKT*. Prosjektplanen seier vidare at *delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* skal vurdere sakkunnigarbeid for PPT og opplæringstiltak for ungdom utanfor arbeid (kvalifiserande tiltak). Desse er ikkje del av denne rapporten fordi rettleiingstenester blir organisert som eigne einingar under avdeling for opplæring og kompetanse. Ein ser det som mest føremålstenleg at leiarar og tilsette vert involvert i etableringa for å få eit eigarskap til organiseringa og korleis tenestene skal gjennomførast. Likevel har seksjon kvalitet i opplæringa ansvar for å trygge kvalitetsutvikling og oppfølging av ulike fagområder innan rettleiingstenester, i tillegg til kvalitetstrygging og etablering av kvalitet og rutinesystem for heile den vidaregåande opplæringa.

Grenseflate mot andre delprosjekt

Delprosjektet har gjort vurderingar og avklaringar opp mot andre delprosjekt med grenseflate mot *Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester*. Dette for å avklare kryssingane i oppdraga til dei ulike delprosjekta. *Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* har grenseflate til følgjande delprosjekt:

- 1.2 Opplæring i skule
- 1.3 Opplæring i bedrift
- 1.4 Budsjett og økonomiplan for sektoren
- 1.6 Personalforvaltning og sektorspesifikt reglement
- 1.7 Digitalisering, sluttvurdering, dokumentasjon og IKT
- 1.9 Organisering av sektor og avdeling
- 1.10 Regional kompetanse
- 1.11 Samhandling
- 10.1 Dokument og arkiv
- 2.1 Regional samfunnsutvikling

I drøftingar rundt grenseflater er det bestemt at *delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* ikkje skal vurdere og komme med tilråding om:

- Retten til rådgjeving i opplæringslova §9 – 2, på individ nivå og sosialpedagogisk rådgjeving
- Ressursar til rådgjevingstenesta i skulen
- Digitale løysingar/verktøy for rettleiingstenester i skule
- Spesialundervisning (eigen opplæringstilbod for spesialundervisning)
- Ressursar til spesialundervisning
- Samhandling i grunnopplæringa for det 13-årige opplæringsløpet
- Tiltak for integrering for framandspråklege og flyktningar
- Formidlingsarbeid
- Forvaltningsoppgåver knytt til opplæring i bedrift
- Kulturelle skulesekken (samlinga for lærlingar)
- Tilbod og inntak vaksne til vidaregåande opplæring for vaksne
- Tiltak for integrering for framandspråklege og flyktningar
- Fylkeskommunale planar og strategidokument

Delprosjektet har levert innspel til *DP 1.9 organisering av sektor og avdeling* og ein delleveranse med ytterlegare konkretisering av tenestene som grunnlag for bemanningsplan og innplasseringsprosess.

1.2. Delprosjektet har gjort tilrådingar innanfor rettleiingstenester:

- organisering, oppgåver og arbeidsmetodikk
- etablere rettleiingstenester som eigne einingar
- geografisk dekningsområde per eining
- tal stillingsheimlar
- vidare arbeid

2. Oppgåveløysing og organisering

I gjennomgangen av oppgåvene har ein identifisert ei gruppe oppgåver som fordrar direkte kontakt med m.a. elevar, lærlingar, bedrifter, vidaregåande skular, vaksne og ungdom utanfor opplæring. Alle oppgåvene inneberer ei rettleiingsrolle og har fellestrekk i følgjande fagområde: oppfølgingstenesta, pedagogisk-psykologisk teneste, vidaregåande opplæring for vaksne og oppfølging av opplæring i bedrift.

Arbeidsmåtar og oppgåveløysing i dei ulike fagområda heng nært saman med korleis tenestene er organisert i dei to fylkeskommunane. Oppgåveløysing knytt til sektoren sitt arbeid med rettleiing, koordinering og oppfølging for målgruppene er i sterk grad prega av faglege tradisjonar, verkemiddel og kompetanse nytta i samsvar med ulike rutinar, prosedyrar, fullmakter og verktøy.

Tenestene har både system- og individretta perspektiv og høg grad av brukarkontakt. For publikum er tenestene eit viktig møtepunkt med fylkeskommunen.

Oppgåvene som rettleiingstenester skal omfatte, er i dag løyst på ulike måtar, både i og mellom fylkeskommunar.

2.1 Oppgåveløysing og organisering i dagens to fylkeskommunar

I starten av arbeidet med *delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* kartla undergruppene oppgåvene og organiseringa av tenestene. Kartlegginga syner at alle tenestene har både system- og individretta oppgåver. Nedanfor følgjer ei avklaring på rettleiingsoppgåvene og organiseringa av tenestene i dag.

Pedagogisk psykologisk teneste

PP-tenesta skal hjelpe elevar, lære kandidatlar, lærlingar og praksisbrevkandidatar med behov for særskilt tilrettelegging av opplæringa.

PP-tenesta sitt mandat er regulert i opplæringslova § 5-6.

Individretta oppgåver rettar seg mot

- sakkunnig instans der opplæringslova krev det
- testing, oppfølging, rapportskriving
- rettleiing og rådgeving kring elevar og lærlingane sine opplæringstilbod
- individuelle samtalar

Systemarbeid og kompetansebygging

- samarbeid kring tiltak og opplæring
- koordinere og legge til rette for skulane sitt utviklingsarbeid og arbeide med pedagogisk rettleiing
- samarbeid med andre instansar som t.d. helsesøster, barnevern, BUP og dei vidaregåande skulane

Tenesta kan m.a organiserast som ei gjennomgåande teneste og/eller ei ikkje gjennomgåande teneste.

Gjennomgåande teneste

Det er i lova opna for at tenesta kan organiserast mellom kommunar eller i samarbeid med fylkeskommunen, som ei gjennomgåande teneste ved at elevane og lærlingane får tenester frå same PP-kontor gjennom heile opplæringsløpet, inkludert opplæring i bedrift. Det er likevel ikkje lov å berre byggje tilbodet på kjøp av tenester etter behov, og alt samarbeid i denne modellen må regulerast i skriftlege avtalar.

Sogn og Fjordane har ei gjennomgåande PP-teneste for heile grunnopplæringa regulert i samarbeidsavtalar mellom kommunale, interkommunale og fylkeskommunale eigarskap.

Ikkje gjennomgåande teneste

Kommunane gir PP-tenestene for barnehage, grunnskule og vaksenopplæring, medan fylkeskommunen gir PP-tenestene for vidaregåande opplæring, både i skule og bedrift.

PP-tenestene for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring i Hordaland er organisert som ei ikkje gjennomgåande PP-teneste, eigd av Hordaland fylkeskommune og organisert saman med oppfølgingstenesta (OT).

Oppfølgingstenesta (OT)

Oppfølgingstenesta arbeidar for og med ungdom som har rett til vidaregåande opplæring til og med det året dei fyller 21 år. Tenesta følger opp ungdom gjennom samtaler og rettleiing og er i nær kontakt med brukarane og samarbeidspartane. Oppfølgingstenesta er regulert i opplæringslova § 3-6 og forskrift til opplæringslova kap. 13.

Individretta oppgåver rettar seg mot

- etablere kontakt med kvar einskild ungdom og tilby rådgiving og oppfølging
- gi alle i målgruppa tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansegivande tiltak som tek sikte på å føre fram til studie-, yrkes- eller grunnkompetanse

Systemarbeid og kompetansebygging

- arbeide førebyggjande slik at elevar og lærlingar ikkje fell ut av opplæringa
- ha oversikt over alle i målgruppa og over aktuelle tilbod for målgruppa
- koordinere tenester rundt målgruppa og sikre tverretatleg samarbeid

Oppfølgingstenesta for ungdom i Hordaland er organisert saman med PP-tenesta, og er ein eigen seksjon under fylkesdirektøren for opplæring. OT i Hordaland har ei områdefordeling der kvart område er omfatta av nærliggande kommunar.

Sogn og Fjordane har tilsvarende organisering med ti OT-område som har kvar sin koordinator. OT-koordinator er ein funksjon med rektor ved ein vidaregåande skule som fag- og personalansvarleg.

Opplæring i bedrift

Fylkeskommunen skal gje rettleiing og støtte til lærebedrifter og lærlingar gjennom heile læretida. Opplæringa knytt til vidaregåande opplæring i bedrift er knytt til kap. 4 i opplæringslova og forskrift til opplæringslova kap.

6A og 11. Rettleiing og oppfølging av lærlingar og lærebedrifter er ei oppgåve som skjer i nær kontakt med brukarane.

Individretta oppgåver rettar seg mot

- rettleie, følge opp og hjelpe lærlingar/ lærebedrifter
- oppfølging av lære kandidatordninga, praksisbrevordninga og fagbrev på jobb

Systemarbeid og kompetansebygging

- tett kontakt med ungdomskulane og dei vidaregåande skulane

Hordaland fylkeskommune har eigen seksjon for fagopplæring hjå fylkesdirektøren for opplæring med kontorstadar i Bergen, på Stord og i Norheimsund.

I Sogn og Fjordane er opplæring i bedrift eit eige team hjå fylkesdirektøren for opplæring med kontorstadar på Leikanger, i Førde og på Nordfjordeid.

Vidaregåande opplæring for vaksne

Rettleiing av vaksne som ynskjer vidaregåande opplæring tek utgangspunkt i behov og livssituasjon sett opp mot moglegheiter. Vidaregåande opplæring for vaksne skal finne den kortaste og mest føremålstenlege vegen fram til ein sluttkompetanse. Vidaregåande opplæring for vaksne er regulert i opplæringslova § 4A-3.

Individretta oppgåver rettar seg mot

- kartlegging, rettleiing, realkompetanse- og vurderingsordninga og innsøking til vidaregåande opplæring for vaksne
- rettleiing om t. d godkjenning av fag og tidlegare utdanning
- rettleiing i høve praksiskandidatordninga

Systemarbeid og kompetansebygging

- samarbeid med kommunane, arbeidslivet og NAV

Hordaland fylkeskommune har fem regionale vaksenopplæringsssenter plassert på fem vidaregåande skular. Sentera er komplette i den forstand at dei har ei samanhengande tenesterekke; frå informasjon til gjennomføring av opplæringstilbod.

I Sogn og Fjordane er heile tenesterekka organisert frå sentraladministrasjonen, men når den vaksne er teken inn på eit opplæringstilbod, er det utdanningsinstitusjonen som er ansvarleg for oppfølginga. I Sogn og Fjordane er opplæringa for vaksne hovudsakleg plassert på fire vidaregåande skular.

Presentasjonen ovanfor viser at tenestene i dei to fylkeskommunane i dag. Delprosjektet sitt oppdrag er å vurderer korleis ein, i samsvar med krava i opplæringslova, skal sikre ei heilskapleg, god rettleiing, koordinering og oppfølging. Med utgangspunkt i grunnprinsippa og målsetjingar for prosjektet, skissert i kap. 1.1, har *Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* tolka «å sikre heilskap» slik:

Brukaren skal få, og rettleiingstenestene skal gje, ei heilskapleg teneste. Det føreset god struktur, samhandling og likeverd mellom fagområda som føreset nødvendige forventningsavklaringar og ei felles målsetting til det beste for brukaren. Det må vektleggast at rettleiingstenestene gir ei einsretta fleirfaglege oppfølging som legg grunnlag for lærelyst og læring hjå ungdom og vaksne.

2.2 Utfordringar med dagens organisering og oppgåveløysing?

I denne delen av rapporten peikar delprosjektgruppa på utfordringar med dagens organisering og oppgåveløysing.

Hordaland og Sogn og Fjordane sine rettleiingsoppgåver er i dag organisert separat, det vil seie tenestevís/fagvís. Når tenestene ikkje er samla, og må involvere fleire leiarar og system, kan det vere utfordrande å levere ei heilskapleg teneste. Med dagens separate organisering kan det til dømes krevje ekstra mykje tid og ressursar å organisere og gjennomføre m.a møte (med brukarar og internt) og hente inn fullmakter og avklaringar hjå ulike leiarar for å etablere føremålstenlege tiltak. Likeeins utfordrar organiseringa at nødvendig informasjon og kunnskap om elev og lærling i overgangsarbeid, kjem til nytte i oppgåveløysinga og i tiltaksetableringa. Separat organisering internt saman med ulike strukturar i den eksterne samhandlninga, kan også gjere samarbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane og eksterne aktørar som NAV, høgskular og universitet både tid- og ressurskrevjande.

Kvaliteten i brukarrelasjonen blir påverka av forhold både i dei eksterne og dei interne relasjonane. Det er såleis viktig for kvaliteten på rettleiingstenester at samhandlingsstrukturane legg grunnlaget for lærelyst og læring for ungdom og vaksne.

2.3 Korleis organiserer og utfører vi oppgåva/oppgåvene som ein fylkeskommune?

I arbeidet med organisering av sektor og avdeling vart det vedteke at rettleiing, oppfølging og oppgåver som krev direkte kontakt med elevar, lærlingar, bedrifter, vidaregåande skular, vaksne og ungdom utanfor opplæring skulle etablerast i seks rettleiingseiningar med ulik storleik og plassering, avhengig av by og distrikt.

Organiseringa skal gje brukarane nærleik, likeverd, samhandlning og dynamikk. For å nå desse føringane må oppgåvene, skissert i kap 2.1, tilpassast målgruppene sine behov. God organisering av tenestene handlar om gode strukturar og rammer som dei tilsette kan utføre arbeidet sitt innanfor. Organiseringa skal styrke gjennomføringsevna. Rettleiingstenester må ha ein struktur som er tilpassa og innretta mot brukarane sine behov. Oppgåvefordelinga må vere slik at dei tilsette sin kompetanse blir nytta i størst mogleg grad. Erfaringar frå Akershus fylkeskommune tilseier at ei god oppgåvefordeling styrker kjensla av samhald og fellesskap hjå dei tilsette. *Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* ser det derfor som mest føremålstenleg at leiarar og tilsette vert involvert i etableringa for å skape eit eigarskap til korleis tenestene skal utviklast, organiserast og gjennomførast.

Elevar, lærlingar, vaksne, skular og bedrifter har ulike grunnar for å søke rettleiingstenester hjå fylkeskommunen, men alle har trong for ei teneste som er «nær» og brukarvenleg. Grunnlaget for at tenesta skal opplevast som nær, likeverdig og handlekraftig blir lagt i det første møtet med brukaren. Brukaren har ulike forventningar og behov for tenesta; frå informasjon til personleg rettleiing og oppfølging. Rettleiingstenestene skal imøtekomme kvar einskild sitt behov med tiltak av høg kvalitet.

Tabellen nedanfor viser kva tenestene har til felles i høve rettleiing, koordinering og oppfølging og kompetansekrav.

Tabell a)

Tenester	Målgrupper for rettleiing , koordinering og oppfølging		Kompetanse		Samhandlingspartar
	Felles	Detaljert	Felles	Særskilt	
Pedagogisk psykologisk teneste	<ul style="list-style-type: none"> • ungdom • vaksne • føresette • vidaregåande skular • bedrifter/opplæringskontor • samhandlingspartane 	<ul style="list-style-type: none"> • ungdom (før det kalenderåret du fyller 25 år) • føresette • vaksne (det året du fyller 25 år) • vidaregåande skular • bedrifter/opplæringskontor 	<ul style="list-style-type: none"> • rettleiing • kommunikasjon • kartleggingskompetanse • pedagogikk • læreplanverket for Kunnskapsløftet med fag- og timefordelinga, tilbudsstrukturen og krav til sluttvurdering. 	<ul style="list-style-type: none"> • spesialpedagogikk • psykologi • testkompetanse 	<p>Nasjonale Partar</p> <ul style="list-style-type: none"> • UDI • kompetanse Norge • NOKUT • lånekasse for utdanning • stat.ped • helsedirektoratet <p>Regionale partar</p> <ul style="list-style-type: none"> • fagskule • helse vest • barnevernet • fylkesmannen • UH sektor • NAV • kommunar (KS) • NHO • LO
Oppfølgingstenesta		<ul style="list-style-type: none"> • ungdom (16-21 år som står utanfor vidaregåande opplæring) (kan bli utvida til 15-24 år) • føresette • vidaregåande skular • bedrifter/opplæringskontor 	<ul style="list-style-type: none"> • samsjelsprosessar/samarbeidsevne • systemforståing (ygg) • regelverk, opplæringsloven med forskrifter og forvaltningsloven • arbeidslivet sine speleregler • næringsliv, behov for arbeidskraft • kulturforståing (fleirkulturell) • formell kompetanse 		
Vaksenopplæring		<ul style="list-style-type: none"> • vaksne (det året du fyller 25 år) • vidaregåande skular • bedrifter/opplæringskontor 			
Oppfølging av vidaregåande opplæring i bedrift		<ul style="list-style-type: none"> • vidaregåande skular • bedrifter/opplæringskontor • ungdom • vaksne • føresette • kommunane 			

Rettleiingstenester er sett saman av personer med ulik fagbakgrunn og ulik kompetanse, og målet om å finne den beste løysinga for brukaren bestemmer kva kompetansar ein set saman og korleis ein nyttar desse. Oppgåvene er både førebyggjande og støttande for ungdom og vaksne si opplæring og vil i hovudsak bestå av; informasjon, kartlegging, testing , rettleiing, saksutgreiing (sakkunnig vurdering), sakshandsaming, etablering og oppfølging av tiltak og einskildsaker.

Kompetansen internt og samhandling med eksterne partar på tvers av forvaltningsnivå gir samla kunnskap, innsikt og røyndomsforståing og ein effekt som er større enn summen av partane sitt bidrag kvar for seg. Tverrfagleg samansetting av kompetanse og teamorganisering gjer det lettare å ta utgangspunkt i kvar einskild brukar sine hjelpebehov og skape gode tiltakskjeder som gir brukarane gode føresetnadar og større føreseielegheit for å nå brukarane sitt mål. Ein avgjerdande suksessfaktor for tenesta er at ho har handlingsrom nok til å fungere optimalt, slik at organisering, oppgåvefordeling og arbeidsformer kan medverke til kvalitetsforbetring på fleire måtar og områder.

2.4 Vinning og nytteverdi

Sektoren sitt oppdrag er å gje kvar einskild tilpassa opplæring i eit trygt og læringsfremjande miljø. Rettleiing og førebygging på alle nivå er avgjerande for at ungdom og vaksne skal kunne ferdast trygt gjennom heile opplæringa. Rettleiingstenester møter kompliserte spørsmål som sjeldan har sikre svar, og tenestene sin funksjon er å støtte ungdom og vaksne i opplæringa.

For brukarane

- Rettleiingstenester kan yte rask og fullgod teneste.
 - Grad av kompleksitet og tenestebehov vil variere frå person til person. Mange ungdommar og vaksne klarer å handtere situasjonen ved eigen innsats eller med støtte frå nettverk eller sjølvhjelpstilbod. Dei som har behov for hjelp kan gjennom rettleiingstenester få hjelp hjå fagpersonar som samhandlar tverrfagleg til brukaren sitt beste.
- Effektiv tilgang for brukarane.
 - Når rettleiingstenestene er koordinert, organisert og utforma i eit brukar- og meistringsperspektiv, slepp ungdom og vaksne og bli sendt frå fagområde til fagområde.
- Kompetanse til å sjå heilskap.
 - Fleire brukarar kan ha ei kompleks problemstilling som samordna rettleiingstenester saman vil ha føresetnadar for å løyse fordi ein har fleirfagleg kompetanse

- Tilsette er «tett på»
Desentraliserte rettleiingstenester vil kunne gje tenester til ungdom og vaksne i deira læringsmiljø og stimulere til vidareutvikling og forbetring av tenestetilbodet.
- Samla informasjon
Gjennom felles informasjonsarbeid er det lettare for brukaren å få oversikt over tenestene.

For tilsette

- Eit breiare fagleg perspektiv på ungdom og vaksne sine behov og livssituasjon.
Rettleiingstenester legg til rette for deling som vil supplere, utfylle og gje breiare fagleg kunnskap om brukaren sitt behov og livssituasjon. Det vil også opne for nye mogelegheiter til å organisere og utvikle tenestene gjennom systematisk fleirfagleg arbeid for jamleg å betre kvaliteten.
- Djupnekunnskap for tverrfaglege løysingar
Inga einskild faggruppe har, eller vil kunne utvikle, tilstrekkeleg djupnekunnskap på alle kunnskapsfelt i rettleiingstenester, men fagområda sine kompetansar kompletterer kvarandre og gir naudsynt kompetanse. Å kjenne andre aktørar og tenester er viktig for å kunne yte ei fullgod teneste for den einskilde brukar.
- Kompetanseheving
Samhandling mellom dei ulike kompetansane vil gje auka fagleg innsikt og vere med på å utvide kompetansen til kvar einskild tilsett og kvar einskild kompetanse

2.5 Ressursberekning

Rettleiingstenester skal ha kontakt, rettleie, etablere tiltak og følgje opp ungdom og vaksne slik at dei gjennomfører opplæringa. Ei målsetjing *delprosjekt 1.1-rettleiingstenester* har lagt til grunn i framlegg til ressursberekning er at ungdom, vaksne lærebedrifter og skular skal ha tettare oppfølging enn dei har i dag.

Ein måte å fordele ressursane mellom rettleiingseiningane er å ta utgangspunkt i andelen av elevar og lærlingar som er busett i kvar av områda. Samstundes bør ein gjere ei mindre justering der ein kompenserer for tenester med store geografiske område. Til liks vil ein i Bergen kunne møte fleire elevar og lærlingar på ein gong, noko som vil kunne rasjonalisere tidsbruken.

	Vestland nord	Indre Vestland	Vestland sør	Bergen og omeign sør	Bergen og omeign vest	Bergen og omeign nord	Sum
Tal elevar	3400	2700	2500	3900	9400	3100	25000
Tal lærlingar	1100	800	1000	800	1700	800	6200
Andel av elev/lærling	15 %	11 %	11 %	15 %	35 %	13 %	
Tal stillingar	18	15	14	15	36	13	111

Med ein slik forenkla modell for ressurstildeling legg ein til grunn at tal ungdomar i oppfølgingstenesta og tal vaksne med behov for vidaregåande opplæring fordeler seg i Vestland fylkeskommune på line med korleis tal elevar og lærlingar fordeler seg.

Tenestene må organiserast slik at ein sikrar tilstrekkeleg med ressursar til dei ulike oppgåvene som skal løysast. Det er eit viktig prinsipp at ressursbruken må styrast mot dei oppgåvene som til ei kvar tid har størst ressursbehov. I dette ligg ei erkjenning av at dette er oppgåver og tenester der omfanget vil variere over tid og i mellom dei ulike delane av fylket. Rettleiingstenestene vil på denne måten sikre at fylkeskommunen klarar å rette ressursane mot behovet meir fleksibelt enn ein har klart med dagens organisering.

3. Sentrale politiske avklaringspunkt

Sogn og Fjordane har ei gjennomgåande PP-teneste for heile grunnopplæringa regulert i samarbeidsavtalar mellom kommunale, interkommunale og fylkeskommunale eigarskap. PP-tenestene for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune er organisert som ei ikkje gjennomgåande PP-teneste, eigd av Hordaland fylkeskommune og organisert saman med oppfølgingstenesta (OT).

Grunna ulik eigarskap av PP-tenestene i dei to fylka i dag fann *delprosjekt 1.1-retteiingstenester* det naudsynt å førebu kommunane i Sogn og Fjordane på at det kan bli endringar i eigarskapen for PP-tenestene i Sogn og Fjordane etter 2020.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama i FT-sak 36/2018, *Oppseiing av avtalane om kjøp av PP-tenester*, og gjorde følgjande vedtak:

1. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tenester vert vidareførte slik at avtalane er gyldige til 31.12.2019.
2. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tenester vert sagt opp frå 01.01.2020.

Fellesnemnda handsame i PS-sak 54/2018, *Pedagogisk psykologisk teneste si framtidige innretning på eigarskap* gjorde følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune skal eige eiga PP-teneste.
2. Vestland fylkeskommune kan inngå avtalar om sal av PP-tenester til kommunar. Prosjektleiaren får fullmakt til å inngå slike avtaler.

Med bakgrunn i desse vedtaka skal Vestland fylkeskommune eige eiga PP-teneste, og prosjektleiar har fullmakt til å organisere tenestene.

4. Tilråding

Brukarane sine behov er ofte samansette, og med behov for fleire tenester parallelt. Det stiller krav til at fylkeskommunen samordnar tilgrensande tenester og legg til rette for at desse kan samordnast for å nå ei heilskapleg oppgåveutøving.

Ved å samlokalisere tenestene innanfor oppfølgingstenesta, pedagogisk-psykologisk teneste, vaksenopplæring, og oppfølging av vidaregåande opplæring i bedrift, oppnår ein tverrfagleg samhandling. Ei slik organisering legg betre til rette for likeverdige tenester enn om tenestene er organiserte som del av opplærings- og kompetanseavdelinga, eller på dei vidaregåande skulane. Føringa om å sikre endrings- og utviklingskapasitet vil lettare kunne innfriast i ein modell der tenestene er organisert saman. Fleirfagleg samhandling vil komplettere kompetansen som rettleiingstenestene treng i arbeidet sitt. I tillegg krev området samhandling på tvers av forvaltningsnivåa og samarbeid med eksterne aktørar, noko det vil ligge godt til rette for i desentraliserte einingar.

Tenesta skal ha verdi både for system og individ, og ho skal oppfattast som nær og brukarvenleg. Nærleik og god tilgang betyr mellom anna at elevar og lærlingar møter aktuelle fagtenester i sitt læringsmiljø, medan faste opningstider vil vere viktig for andre brukarar.

Einingar og geografisk plassering

Delprosjekt 1.1-retteiingstenester gjer framlegg om at rettleiing, oppfølging og oppgåver som krev direkte kontakt med elevar, lærlingar, bedrifter, vidaregåande skular, vaksne og ungdom utanfor opplæring vert etablert som seks rettleiingseiningar med ulik storleik og plassering avhengig av by og distrikt, jamfør tabellane nedanfor.

Namna på einingane er førebels ikkje endeleg avklart.

Vestland nord	
Skule	Bydel/ kommune
Måløy vidaregåande skule	Kinn
Eid vidaregåande skule	Stad
Stryn vidaregåande skule	Stryn
Firda vidaregåande skule	Gloppen
X	Bremanger
Flora vidaregåande skule	Kinn
Hafstad/Mo og Øyrane vidaregåande skule	Sunnfjord
Dale vidaregåande skule	Fjaler
X	Askvoll
X	Hyllestad
X	Solund

Indre vestland	
Skule	Bydel/ kommune
Sogndal vidaregåande skule	Sogndal
Sygna vidaregåande skule	Privat
X	Vik
X	Luster
Årdal vidaregåande skule	Årdal
X	Lærdal
Sogn jord- og hagebrukskule	Aurland
Voss Gymnas	Voss Herad
Voss vidaregåande skule	Voss Herad
X	Ulvik
X	Eidfjord
Høyanger vidaregåande skule	Høyanger

Bergen og omland – nord	
Skule	Bydel/ kommune
X	Gulen
Austrheim vidaregåande skule	Austrheim
X	Modalen
X	Masfjorden
X	Fedje
X	Samanger
X	Vaksdal
Knarvik vidaregåande skule	Alver
Manger f.hgsk.	Alver
Osterøy vidaregåande skule	Osterøy
Åsane vidaregåande skule	Bydel: Åsane
Arna vidaregåande skule	Bydel: Arna
Kvam vidaregåande skule	Kvam
Framnes vidaregåande skule	Privat
Tertnes vidaregåande skule	Bydel: Åsane

Bergen og omland vest (sentrum/vest)	
Skule	Bydel/ kommune
Sotra vidaregåande skule	Øygarden
Årstad vidaregåande skule	Bydel: Bergenhus
Askøy vidaregåande skule	Askøy
Hop vidaregåande skule	Privat
Hysingen, inkl Hjeltnes	Bydel: Bergenhus
Bergen katedral skole inkl. Kyrre	Bydel: Bergenhus
Amalie Skram vidaregåande skule	Bydel: Bergenhus
St. Paul	Privat
Danielsen (intensivgymnas)	Privat
Bergen private gymnas	Privat
Metis Akademiet vidaregåande skule	Privat
Langhaugen vidaregåande skule	Bydel: Bergenhus
Nye Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule	Bydel: Bergenhus
<i>Nye fagskulen</i>	Bydel: Bergenhus
Fyllingsdalen vidaregåande skule	Bydel: Fyllingsdalen
Olsvikåsen vidaregåande skule	Bydel: Laksevåg
Akademiet Bergen FPG as	
Fana private gymnas	

Bergen og omland sør	
Skule	Bydel/ kommune
Austevoll vidaregåande skule	Austevoll
Os gymnas	Bjørnefjorden
Os vidaregåande skule	Bjørnefjorden
Kongshaug vidaregåande skule	Privat
Krokeide vidaregåande skule	Privat
Fusa vidaregåande skule	Bjørnefjorden
Slåtthaug vidaregåande skule	Bydel: Fana
Stend vidaregåande skule	Bydel: Fana
Nordahl Grieg vidaregåande skule	Bydel: Ytrebygda
Sandsli vidaregåande skule	Bydel: Ytrebygda
Rudolf Steinerskolen i Bergen	Bydel: Fana
Steinerskolen på Skjold	Bydel: Fana

Vestland sør	
Skule	Bydel/ kommune
Odda vidaregåande skule	Ullensvang
Kvinnherad vidaregåande skule	Kvinnherad
Stord vidaregåande skule	Stord
X	Etne
X	Sveio
Bømlo vidaregåande skule	Bømlo
Rubbestadnes vidaregåande skule	Bømlo
Fitjar vidaregåande skule	Fitjar
X	Tysnes

Ressurs

Delprosjekt 1.1-rettleiingstenester har utarbeidd eit framlegg til samla stillingsheimlar for dei ulike rettleiingstenester. Rettleiingstenester er ei betydeleg omlegging av organiseringa, arbeidsmetodikken og oppgåveporteføljen for sektoren, men naudsynt for å gje brukarane komplette tenester.

Berekninga syner at med seks rettleiingseiningar er det eit samla behov for om lag 111 stillingsheimlar. Framlegget om tal stillingsheimlar bygger på tal elevar, lærlingar og vaksne, i tillegg til innbyggartal i kommunar/bydelar. Omfanget av oppgåvene til rettleiingstenester har fått ulik vekt i berekninga av tal stillingsheimlar.

	Vestland nord	Indre Vestland	Vestland sør	Bergen og omeign sør	Bergen og omeign vest	Bergen og omeign nord	Sum
Tal elevar	3400	2700	2500	3900	9400	3100	25000
Tal lærlingar	1100	800	1000	800	1700	800	6200
Andel av elev/lærling	15 %	11 %	11 %	15 %	35 %	13 %	
Tal stillingar	18	15	14	15	36	13	111

Alle dei seks rettleiingseiningane må ha tilstrekkeleg storleik til å ta vare på og utvikle etablerte fagmiljø. Med høge krav til kompetanse og samanfall i kompetansane vil tilsette kunne bruke kunnskap og erfaring på fleire oppgåver, og gje heilskap og fleksibilitet nok i oppgåveløysingane.

5. Andre kritiske avklaringspunkt

Delprosjekt 1.1-retteiingstenester tilrår vidare at den praktiske samhandlinga, fordelinga av ansvar og oppgåver og utforming av tenestene må tilpassast lokale tilhøve og i samarbeid med leiarane og tilsette i tenestene. Vidare må det:

- utarbeidast etablerings- og oppstartplan per eining med ressursar til å gje nødvendig handlingsrom (økonomi, stillingar og mynde o.l)
- avgjerast fysisk plassering
- gis fagleg vurdering av bygningsmessige behov og endringar
- i heile fylkeskommunen utgreiast korleis tenester med høg publikumskontakt kan samordnast slik at fylkeskommunen står fram som **ei dør**, til dømes Karriere Vestland (Innovasjon og næring og integrering (Kultur, idrett og integrering)

Notat

Dato: 09.07.2019
Arkivsak: 2019/2142-1
Saksbehandlar: ninlud

Til: Partssamansett utval (PSU)

Frå: Prosjektlear Rune Haugsdall

DPO 1.5 Tilbudsstruktur sluttrapport

Vedlagt er sluttrapport for DPO 1.5 Tilbudsstruktur, inkl. inntak og vaksne.

Vedlegg: Sluttrapport



Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Sluttrapport for delprosjekt 1.5 Tilbudsstruktur
Kriterium for tilbudsstruktur for ungdom og voksne.
Prinsipp for søking og inntak

Fylkesdirektøren si tilråding

Innhald

Fylkesdirektøren si tilråding	1
Innhald.....	2
1. Innleiing	3
1.1 OM DELPROSJEKTET – KVA VAR OPPDRAGET	3
1.2 KORT OM RAPPORTEN	4
2. Oppgåveløysing	5
2.1 TILBODSSTRUKTUREN I DAG	5
2.2 SENTRALE FØRINGAR	8
2.3 KORLEIS UTFØRER VI OPPGÅVENE I DAGENS TO FYLKESKOMMUNAR	11
2.4 FØREMONER OG ULEMPER MED DAGENS OPPGÅVELØYSING	15
2.5 TILRÅDING- KORLEIS SKAL VI UTFØRE OPPGÅVENE SOM EIN FYLKESKOMMUNE	17
2.6 VIDARE ARBEID.....	27
3. Organisatoriske forhold.....	28
3.1 KVA INNEBER GRUPPA SITT FRAMLEGG AV EV. KONSEKVEN SAR FOR RESTEN AV ORGANISASJONEN.....	28
3.2 KVA ER DEI SENTRALE ENDRINGANE SOM BRUKARANE/INTERESSENTANE VÅRE VIL MERKE	28
4. Sentrale politiske avklaringspunkt.....	29

1. Innleiing

1.1 OM DELPROSJEKTET – KVA VAR OPPDRAGET

Oppdraget til DP 1.5 Tilbudsstruktur har vore å utarbeide framlegg til:

- kriterium for utforming av tilbudsstruktur, og i tillegg gje tilråding for tidsplan for heilskapleg gjennomgang av tilbod- og skulestruktur i Vestland fylkeskommune.
- prinsipp for søking og inntak
- lokal inntaks- og formidlingsforskrift
- eventuelle overgangsordningar for søking og inntak

Føremålet med delprosjektet er å klarleggje kva som er status i dag og deretter føreslå løysingar.

Delprosjektet har hatt eit sektorperspektiv, og følgjande grunnprinsipp er lagt til grunn:

1. Elevar og lærlingar skal møte ei opplæring med høg kvalitet
2. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
3. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

Tilrådingane i denne rapporten bygger på:

- Kartlegging av dei områda prosjektet har definert som blir påverka av samanslåinga. Delprosjektet har kartlagt arbeidsmåtar, inkl. organisering, rutinar
- Utarbeidd/samla relevant kunnskapsgrunnlag for å kartlegge/identifisere behov av omfang ved nye løysingar og implementering.
- Tidleg identifisert kritiske faktorar i overgangen frå to til ein fylkeskommune. Fleire prinsipielle saker har vore sendt til prosjektleiar og politisk nivå for avklaring undervegs for å sikre framdrift som gjer at tenestene som Vestland fylkeskommune skal levere held høg kvalitet frå 1.1.2020.

Delprosjektet har hatt følgjande deltakarar:

- Odd Bjarne Berdal, regionleiar (leiar)
- Ingeborg Lie Fredheim, kontorsjef (nestleiar)
- Tor Ivar Sagen Sandvik, koordinator skulebruksplanen
- Susan Husabø, rådgjevar
- Hilde Kvamsås Aa, fylkeshovudtillitsvald
- Benedicte Meyer, fylkeshovudtillitsvald

I delprosjektet har det vore behov for fleire undergrupper for å sikre leveransar og framdrift i prosjektet. Under er undergruppene med deltakarar:

Undergruppe	Deltakarar	Tema
1.5.1 Prinsipp for søking og inntak	Susan Husabø (leiar) Elin Wikan Meyer Trude Riple Sven Jarle Svedal	Svare på bestillinga i 1.5 for: -ordinært inntak -tidleg inntak (fortrinn, 1. februar) -vaksenopplæring -minoritetsspråklege
1.5.2 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift	Elin Wikan Meyer (leiar) Susan Husabø Trude Riple Sven Jarle Svedal Kristine Angelsen	
1.5.3 Kartlegging av felles talgrunnlag	Tor Ivar Sandvik (leiar) Susan Husabø	

I tillegg til undergruppene har ei rekke medarbeidarar vore ressurspersonar innafor sine fagfelt.

Kva andre tilgrensande delprosjekt kjem inn på nokre av dei same problemstillingane.

Delprosjekt 1.5 famnar om både tilbodsstruktur og inntak. Det betyr at det har vore naturlege grenseflater mot andre delprosjekt som omhandlar same målgruppe som fylkeskommunen skal levere tenester til.

DP 1.1 – Rettleiingstenesta

DP 1.2 – Kvalitet i opplæringa

DP 1.3 – Fagopplæring

DP 1.4 – Økonomi

DP 1.10 – Regional kompetanse

DP 1.11 – Samhandling.



Delprosjektet har definert at arbeidet ikkje skulle famne om tenester og tilbod som er knytt opp mot Oppfølgingstenesta (OT). Til dømes er tilbod som Produksjonsskolen ikkje omtala i dette prosjektet. Fagskule er heller ikkje omhandla sidan det er eige delprosjekt (DP 1.8).

1.2 KORT OM RAPPORTEN

Rapporten tek føre seg ulike sider knytt til utforming av tilbodsstruktur og viktige prinsipp for søking og inntak. Alle tilrådingane frå prosjektgruppa er merka i blå boksar under kvart tema.

2. Oppgaveløsning

2.1 TILBODSSTRUKTUREN I DAG



Karta over syner lokalisering av dei vidaregåande skulane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Det er til saman 42 vidaregåande skular i dei to fylkeskommunane. Skuleåret 2018-2019 er det om lag 1100 klassar. Av desse er ca. 100 klassar (grupper) tilrettelagde klassar for elevar med særskilte behov. I tillegg til opplæring ved eigne skular er det 6 utvekslingsklassar på vg2, det vil seie elevar som får opplæringa ved vidaregåande skule i eit anna land, men organisert av Hordaland fylkeskommune.

Det er stor variasjon i storleiken på skulane, med om lag ein fjerdedel med 15 eller færre klassar og ein fjerdedel med 30 eller fleire klassar. Det er til saman om lag 21 000 elevar i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane.

Fordelinga mellom yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram er noko ulik i fylka. Søkjartala til vg1 for skuleåra 2018-19 og 2019-20 syner at i Sogn og Fjordane søker om lag 55-56 % til yrkesfaglege utdanningsprogram, medan tilsvarande tal i Hordaland er 51-52%. Bergensområdet, med over halvparten av søkjarane, har større del av søkjarar til studieførebuande utdanningsprogram enn resten av Hordaland, der fordelinga er om lag som i Sogn og Fjordane.

Vedlegg 1 syner tal utdanningsprogram og programområde per nivå ved skulane og samla elevtal. Det er store forskjellar i breidda på tilboda mellom skulane, frå skular som tilbyr mellom 5-7 yrkesfaglege utdanningsprogram og fleire programområde på vg2, til skular svært få tilbod både på vg1 og vg2-nivå.

Av dei 31 skulane som tilbyr utdanningsprogrammet studiespesialisering er det ein eller to klassar på vg1 ved 18 av skulane og meir enn 3 klassar på vg1 ved 13 av skulane. I Hordaland er det fem skular med mellom fem og åtte parallelle klassar, desse skulane er i Bergen.

Tal søkarar til vg1 med ungdomsrett, første ønske		2018-2019				2019-2020			
Utdanningsprogram kode	Utdanningsprogram navn	Hordaland		Sogn og Fjordane		Hordaland		Sogn og Fjordane	
		tal	%	tal	%	tal	% av	tal	%
	Tal reelle søkartal og prosent søking til kvart utdanningsprogram i prosent av total søking til vg1 nivået.								
	Alle utdanningsprogram	7234		1633		7120		1680	
ID	Idrettsfag	359	5,0 %	104	6,4 %	339	4,8 %	103	6,1 %
KD	Kunst, design og arkitektur	116	1,6 %	12	0,7 %	104	1,5 %	16	1,0 %
ME	Medier og kommunikasjon	182	2,5 %	29	1,8 %	185	2,6 %	28	1,7 %
MD	Musikk, dans og drama	224	3,1 %	37	2,3 %	208	2,9 %	50	3,0 %
ST	Studiespesialisering	2554	35,3 %	543	33,3 %	2628	36,9 %	535	31,8 %
	Søkarar til studieførebuande utdanningsprogram	3435	47,5 %	725	44,4 %	3464	48,7 %	732	43,6 %
BA	Bygg- og anleggsteknikk	514	7,1 %	131	8,0 %	432	6,1 %	124	7,4 %
DH	Design og håndverk	153	2,1 %	18	1,1 %	139	2,0 %	30	1,8 %
EL	Elektrofag	611	8,4 %	170	10,4 %	515	7,2 %	200	11,9 %
HS	Helse- og oppvekstfag	1107	15,3 %	246	15,1 %	1017	14,3 %	241	14,3 %
NA	Naturbruk	326	4,5 %	52	3,2 %	317	4,5 %	57	3,4 %
RM	Restaurant- og matfag	136	1,9 %	29	1,8 %	149	2,1 %	33	2,0 %
SS	Service og samferdsel	294	4,1 %	89	5,5 %	266	3,7 %	64	3,8 %
TP	Teknikk og industriell produksjon	658	9,1 %	173	10,6 %	821	11,5 %	199	11,8 %
	Søkarar til yrkesfaglege utdanningsprogram	3799	52,5 %	908	55,6 %	3656	51,3 %	948	56,4 %
	Sum søkarar til utdanningsprogramma	7234	100 %	1633	100,0 %	7120	100 %	1680	100,0 %
	Søkartal til innføringstilbod for min.språk elevar	166		100		88		80	

Tabell 1 syner søkinga til vg1 i dei to fylka til skuleåra 2018-19 og 2019-20. Tala syner at om lag 20% av søkjarane er i Sogn og Fjordane og 80% er i Hordaland.

Søkinga til dei fem utdanningsprogramma Studiespesialisering, bygg- og anleggsteknikk, helse og oppvekstfag, elektrofag og teknikk og industriell produksjon har utgjort mellom 75 og 77 % av søkinga til vg1.

I begge fylka har søkinga til kvart av utdanningsprogramma kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon, design og handverk og restaurant og matfag vore under 3% av den samla søkinga til vg1.

I dei fleste utdanningsprogram er det eit eller fleire programområde med stor overvekt av søkjarar i forhold til dei andre programområda i utdanningsprogrammet.

Tabellen under syner kva programområde som er størst i omfang i dei fire utdanningsprogramma som er dei største yrkesfagleg utdanningsprogramma.

Utdanningsprogram	Programområde på vg2	Dei største programområde sin del av søkinga i utdanningsprogrammet
Bygg- og anleggsteknikk	Byggteknikk	50-60% i begge fylka
Elektrofag	Elenergi	50 % i Sogn og Fjordane, 70% i Hordaland
Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidarfag	40-50% i begge fylka
Teknikk og industriell produksjon	Køyretøy Industrieteknologi	25-30% i Sogn og Fjordane, 20-25% i Hordaland 30-33% i begge fylka

Til utdanningsprogrammet service og samferdsel søker om lag 4-5% av søkjarane til vg1, og søkinga til vg2 syner stor forskjell mellom fylka. I Sogn og Fjordane vel om lag 40% sal, service og sikkerheit og

40% transport og logistikk. I Hordaland er søkinga til sal, service og sikkerheit om lag 55%, medan det er vesentleg færre som søker seg til transport og logistikk, om lag 20%.

Vedlegg 2 syner samla oversikt over søkinga til vg2.

Strukturen på tilbod for minoritetsspråklege ungdommar er ulik i fylka. I Sogn og Fjordane er det 10-12 grupper i fylket som fører fram til norsk grunnskuleeksamen. Desse er i samarbeid med kommunane og er ikkje del av vidaregåande opplæring. Det er ikkje eigne grupper i vidaregåande opplæring.

I Hordaland er det innføringsgrupper for minoritetsspråklege ungdommar som førebuing til vidaregåande opplæring og i tillegg er det nokre eigne klassar for minoritetsspråklege ungdommar som del av tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring.

2.2 SENTRALE FØRINGAR

Ny tilbodsstruktur for yrkesfag frå hausten 2020

I mars 2018 fastsette regjeringa ny tilbodsstruktur for yrkesfag, gjeldande frå 2020.

Tal utdanningsprogram blir utvida frå åtte til ti, med grunngjeving i å samle elevar som har meir fagleg innhald til felles. Utdanningsprogramma Design og handverk og Service og samferdsel blir erstatta av fire nye utdanningsprogram, og det faglege innhaldet vil bli vidareført i desse programma. IKT, tradisjonshandverk, frisør og sal blir løfta fram i sine eigne utdanningsprogram.

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma blir som følger frå 2020 (dei nye i kursiv):

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektro
- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag
- Teknikk og industriell produksjon
- *Design og tradisjonshandverk*
- *IKT og medieproduksjon*
- *Sal, service og reiseliv*
- *Frisør, blomster- og interiørdesign*

Endringar

IKT og medieproduksjon blir eit nytt utdanningsprogram med nytt innhald. I Vg3 er det føreslått fem nye lærefag. Desse lærefaga og strukturen i utdanningsprogrammet skal på høyring hausten 2019.

Kunnskapsdepartementet fastset strukturen etter høyringa.

- Frå Vg2 IKT kan elevane velje mellom IT-drift og IT-utvikling.
- Frå Vg2 medieproduksjon kan elevane velje mellom tre nye lærefag: medieproduksjon, mediedesign og medieteknikk.
- Kontor- og administrasjonsfaget og resepsjonsfaget blir erstatta av eit nytt fag, med nytt innhald og nytt namn.
- Vg2 byggtteknikk bli delt i Vg2 tømmer og Vg2 betong og mur
- Vg2 klima, energi- og miljøteknikk blir delt i vg2 røyr og vg2 ventilasjon, membran og takteking
- Vg2 matfag blir delt i Vg2 baker og konditor og Vg2 industriell matproduksjon.
- Det blir oppretta fleire nye lærefag innanfor fleire av utdanningsprogramma. Dette gjeld dyrefaget, anleggsrørleggarfaget, vegdrift- og vegvedlikehaldsfaget, ventilasjonsteknikkfaget og truck- og liftmekanikarfaget.

Innfasing av ny yrkesfagstruktur

På bakgrunn av endringane i tilbodsstrukturen på yrkesfag, blir det både oppretta nye utdanningsprogram på Vg1, og gjort endringar på programområdenivå på Vg2. Desse endringane må takast høgde for, både i Sogn og Fjordane og Hordaland ved fastsetting av tilbodsstruktur frå og med skuleåret 2020-21.

Første felles inntak og felles tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune vil vere skuleåret 2021-22. Det er likevel føremålstenleg at dei to fylka allereie ved fastsetting av struktur for skuleåret 2020-21 ser ny tilbodsstruktur i samanheng, for å skape grunnlag for ein meir tilpassa og heilskapleg framtidig struktur for Vestland fylkeskommune.

Dei nye utdanningsprogramma, som vil medføre endringar på Vg1 allereie frå hausten 2020, må lokaliserast og dimensjonerast i politisk sak hausten 2019. Prosjektgruppa si vurdering er at den årlege saka om opplæringsstilbodet bør vere ei felles sak, men med tilrådingar som tek omsyn til vedtak om vidareføring av tidlegare fylke som inntaksområde for skuleåret 2020-21. Slik vil ein best ivareta heilskapen i den nye strukturen og sjå til at tilboda ikkje blir over- eller underdimensjonerte. Det vil truleg vere behov for å dimensjonere slik at ein legg opp til elevmobilitet på tilbod som er forventa å vere smale eller har lågare søking.

Endringar på Vg2-nivå vil først vere gjeldande frå hausten 2021, og såleis gjenstand for vurdering i eiga sak hausten 2020. Det er likevel naudsynt å gjere eit førebuaende arbeid på lokalisering av tilbod allereie no. Det er viktig for å gi ei viss føreseielegheit, særleg for dei skulane som kan oppleve konsekvensar av endring i tilbodsstrukturen. Samstundes vil det gi elevane eit meir føreseieleg bilete av opplæringsløpet.

Overgang frå Vg1 Studiespesialisering til alle yrkesfag på Vg2

Utdanningsdirektoratet innførte frå skuleåret 2018-2019 ei ordning for elevar som har fullført Vg1 Studiespesialisering. Dei er no kvalifiserte til vg2 i alle dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Gjennom vg1 studiespesialiserande har dei fullført kravet til fellesfag på Vg2 på yrkesfag, og det frigjer 196 årstimar til opphenting av programfag frå Vg1 i det aktuelle yrkesfaglege utdanningsprogrammet. Ordninga vert organisert som kryssløp i tilbodsstrukturen, dvs. at elvar kan søkje seg frå Vg1 Studiespesialisering til eit yrkesfaglege Vg2-tilbod.

Det er frivillig for skuleeigar å tilby ordninga med kryssløp frå Vg1 Studiespesialisering til yrkesfaglege programområde på Vg2. Verken Hordaland eller Sogn og Fjordane har oppretta slikt tilbod skuleåret 2018-2019.

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok høyringsuttale for Hordaland om ordninga 23.5.2017, sak PS 153/2017. Vedtakspunkt 1 var:

Fylkesutvalet meiner at eit kryssløp frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram til Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram vil vere ei god ordning for elevane. Det vil gjere at mange av dei elevane som ønskjer å ta yrkesfag, no får eit høve til dette utan at dei må starte på nytt på Vg1. Dette er elevar som har bestemt seg for eit yrkesfag og for læretid i bedrift. Dersom tilbodet blir dimensjonert ut frå kor vi har for lite elevar i forhold til læreplassar, vil eit slikt høve gjere at fleire kjem ut i lære. Det bør likevel takast i betraktning at ei slik ordning kan gå ut over breiddekompetansen til den enkelte elev, målt opp mot elevar i ordinære yrkesfaglege løp.

I vedtakspunkt 3 stiller fylkesutvalet spørsmål om faget yrkesfagleg opphenting gir godt nok fagleg grunnlag.

Fylkesutvalet støttar at det nye faget får namnet yrkesfagleg opphenting. Det kan likevel stillast spørsmål ved kor vidt dette faget er tilstrekkeleg til å gje den enkelte elev eit like godt grunnlag for vidare opplæring som andre elevar frå ordinære yrkesfaglege løp

I høyringssvar peika fylkesdirektøren i Sogn og Fjordane på fleire sider ved ordninga som ein oppfatta som lite ønskeleg fagleg sett. I tillegg peika ein på at for eit fylke som Sogn og Fjordane, med mange små skular og spreitt arbeids- og næringsliv, vil ordninga ha store økonomiske konsekvensar. Hovudutvalet slutta seg til fylkesdirektøren sine vurderingar.

Faget yrkesfagleg opphenting skal gje elevane nødvendig kunnskap i programfaga på vg1 til å gå inn i programfaga på vg2. I faget skal ein plukke ut læreplanmål som går mot det programområde på vg2 eleven har søkt. F.eks. vil ein som går mot vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag ikkje få opplæring som går mot vg2 helsefagarbeidar.

Fordelane ved slikt løp er opplagte for elevane, slikt kryssløp vil krevje eitt år mindre i vidaregåande opplæring enn med omvalsordninga slik ho er i dag.

Også prosjektgruppa ser utfordringar i planlegging og dimensjonering av slike tilbod. Med ei årsramme i faget yrkesfagleg opphenting på 196 timar vil kostnaden for ei gruppe vere om lag 1,25 mill.kr. Det vil vere ulikt innhald i opplæringa, avhengig av kva for programområde faget skal gå mot. Prosjektgruppa si vurdering er difor at oppretting av tilbod med slikt kryssløp krev utlysning av heile grupper.

Det vil også vere behov for å styre tilgangen på desse «kryssløptilboda» i vg2 yrkesfag for å halde «kontroll» på dimensjoneringa av yrkesfaga, når ikkje lengre kapasiteten på vg1 utdanningsprogrammet blir styrande for behovet på vg2 og vg3.

Som ein indikasjon på ønske om overgang frå Studiespesialisering til yrkesfag kan ein nytte informasjon om omval frå vg1 Studiespesialisering til vg2 yrkesfag. I Sogn og Fjordane var det til skuleåret 2017-18 åtte som søkte omval fordelt på fem utdanningsprogram. Til skuleåret 2019-2020 er det 12 søkjarar, også til fem ulike utdanningsprogram. I Hordaland var frå skuleåret 2017/18 til 2018/19 68 elevar som gjorde overgang frå Vg1 Studiespesialisering til Vg2 yrkesfag. Elevane var fordelte på seks ulike utdanningsprogram.

Prosjektgruppa ser sjølvstøtt at søkinga vil kunne bli høgare når elevane ikkje treng å starte på nytt vg1. Ein meiner likevel at det berre vil vere grunnlag for å starte slike tilbod i nokre få programområde med stort søkjargrunnlag og god tilgang på plassar for opplæring i bedrift.

Spørsmål om programområde som er aktuelle for kryssløpet og lokalisering av desse vil ein kome tilbake til i politisk sak om utlysning av tilbod for skuleåret 2020-2021.

2.3 KORLEIS UTFØRER VI OPPGÅVENE I DAGENS TO FYLKESKOMMUNAR

2.3.1 Kriterium for utforming av tilbodsstruktur for ungdom med lovfesta rett til vidaregåande opplæring

Fylkeskommunane legg følgjande prinsipp til grunn for den årlege saka om opplæringstilbodet:

Sogn og Fjordane

- Involvering av dei vidaregåande skulane, fagopplæringsnemnda, opplæringskontor, fylkeshovudtillitsvalde
- Prinsipp:
 - Klassestorleik. YF: 12/15. SF: 30 (MDD: 24)
 - Krav om oppfylling i grupper (FT-vedtak). Minimumskrav YF: 8 og SF: 20 (MDD: 16). Tek utgangspunkt i primærsøkjarar med ungdomsrett etter 1. prøveinntak.
 - Tilbod som ikkje har vore lyst ut/sett i gang skal vurderast på nytt
 - Hovudutvalet for opplæring har fullmakt til å vedta tilbod innanfor den økonomiske ramma i økonomiplanen
 - Den vidare utviklinga av det vidaregåande opplæringstilbodet skal skje med basis i elevane sine val, og ved at skulane utviklar og fornyar sine tilbod.
- Dimensjoneringsgrunnlag:
 - Vg1: elevtal frå grunnskulen, grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU) og omval
 - Vg2/vg3: elevar med ungdomsrett og omval
 - Næringslivet sitt behov - tilgangen til læreplassar

Hordaland

- Prinsipp
 - Klassestorleik. YF: 15. SF: 30
 - Krav om oppfylling, 85% oppfylling.
 - Skulebruksplan 2017-2030
 - Tilbod som ikkje har vore lyst ut/sett i gang blir vurdert på nytt
 - Fylkesutvalet vedtek tilbodsstruktur
 - Utvikling av tilbodsstrukturen skal i større grad vere basert på arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft.
- Dimensjoneringsgrunnlag
 - Vg1: Elevtal frå grunnskulen (GSI), elevar i innføringstilbod, erfaringstal omval, elevar som vel private tilbod, gjesteelevar netto kjøp
 - Vg2/vg3: elevar med ungdomsrett, omval, næringslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft, utvikling av fagtilbod med føresetnad om tilgang på læreplassar

Tabell 2 syner fylkeskommunane sine administrative og politiske prosessar knytt til årleg arbeid med utarbeiding av politisk sak om opplæringstilbodet ved skulane og justering etter søknadsfristen.

Tidsplan	Sogn og Fjordane	Hordaland
Medio september	Fylkesdirektøren sender ut grunnlagsmateriale (inntakstill per 15.sept og avgangselevar frå grunnskulen) Rektorane har frist for å kome med innspel til endringar av tilbodet	Elevtellinga for inneverande skuleår er klar om lag 15. sept. Aktuelle endringar for komande klassesak blir utarbeidd, basert på klassesak og justeringssak frå førre skuleår
Ultimo oktober	Fylkesdirektøren har info.- og drøftingsmøte med organisasjonane i sektoren. Presentasjon av utfordringane	Fylkesdirektøren utarbeider og ferdigstiller forslag til tilbodsstruktur.
Ultimo oktober	Fagopplæringsnemnda (Y-nemnda) kjem med innspel til opplæringstilbodet på grunnlag av resultat av formidling til opplæring i bedrift	<u>Ultimo oktober/primio november:</u> Forslag til tilbodsstruktur blir sendt til skulane for gjennomlesing og tilbakemeldingar. Eventuelle endringar blir skrive inn. Fylkesdirektør har info.- og drøftingsmøte med organisasjonane i sektoren. Presentasjon av utfordringane
Ultimo november	Fylkesdirektøren informerer rektorane om framlegget til endringar og presenterer tilrådinga	
Primio november	Fylkesdirektøren ferdigstiller og offentleggjer sak til handsaming i hovudutval for opplæring	
Dagen før møte i hovudutvalet	Fylkesdirektøren presenterer tilrådinga for organisasjonane	
Ultimo november	Hovudutval for opplæring gjer vedtak om kva opplæringstilbod som skal lysast ut ved skulen	Sak handsamast i Y-nemnda <u>Ultimo november/primio desember:</u> Handsamast i utval for opplæring og helse, og fylkesutvalet
Primio mars	Fylkesdirektøren sender primærøskjartala til rektorane rett etter søknadsfristen er ute med frist for å kome med innspel til justeringar	Skulane finn primærøskjartala på Vigo skole
Primio mars	Fylkesdirektøren har info.- og drøftingsmøte med organisasjonane i sektoren. Presentasjon av utfordringane	
Primio mars	Fylkesdirektøren testar ut ulike endringar av tilbodet for å gje flest moglege tilbud og utnytte kapasiteten best moglege	Fylkesdirektøren testar ut ulike endringar av tilbodet for å gje flest moglege tilbud og utnytte kapasiteten best moglege
Medio mars	Fagopplæringsnemnda (Y-nemnda) kjem med innspel til justeringar utdanningsprogram og programområde på grunnlag av øskjartala.	Sender ut ei generell oppsummering av inntaket og vurdering per skule. Fylkesdirektør sender forslag til justering til skulane med frist for tilbakemelding.

Medio mars	Fylkesdirektøren informerer rektorane om framlegget til justeringane av utlyst tilbod og presenterer tilrådinga	
Ultimo mars	Fylkesdirektøren ferdigstiller og offentliggjør sak til handsaming i hovudutval for opplæring	Eventuelle endringar på bakgrunn av tilbagemeldingar frå skulane blir gjort.
Dagen før møte i hovudutvalet	Fylkesdirektøren presenterer tilrådinga for organisasjonane	
Ultimo mars	Hovudutval for opplæring gjer vedtak om kva opplæringstilbod som skal settast i gang i kommande skuleår.	
Medio april		Politisk sak om justering av tilbodsstruktur ferdig. Administrative endringar sendt til skulane og som melding til politisk nivå.
Primo mai		Handsamast av Y-nemnda
Medio/ultimo mai		Handsamast av utval for opplæring og helse, og fylkesutvalet

Politisk og administrativ avgjersle i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

I Sogn og Fjordane legg fylkesdirektøren for opplæring fram saker til hovudutval for opplæring, som har vedtaksmynde til å vedtak opplæringstilbodet så lenge vedtaket er innafor den økonomiske ramma. I november blir det lagt fram sak om kva tilbod som skal lysast ut ved den enkelte skule og i mars blir det lagt fram sak om justeringar etter søknadsfristen. Dersom hovudutval for opplæring gjer vedtak som går ut over ramma, går sakene til fylkestinget for vedtak.

Fylkesdirektøren har ikkje fullmakt til å justere tilbodet som resultat av søkinga. Alle framlegg til endringar går til politisk handsaming.

I Hordaland gjer fylkesutvalet endeleg vedtak om tilbodsstruktur. Samtidig har fylkesrådmannen fått fullmakt til å justere klasse-/elevtal ved den ein skule på grunnlag av søkjartala etter prognoseinntaket, dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Vurderinga er at denne justeringa ikkje har noko med tilbodsstrukturen i seg sjølv å gjere, men ei tilpassing av klassetalet i høve til søkjartala til dei ulike utdanningsprogramma.

Denne fullmakta er forankra i fylkesutvalssak 290/13, 5.12.2013, der fylkesutvalet fatta følgjande vedtak (vedtakspunkt 2):

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilpasse talet på elevplassar i skulane etter søkjartala ved prognoseinntaket. Dersom det etter prognoseinntaket kjem fram større endringar, som til dømes at det må vurderast om eit utdanningsprogram skal avviklast ved ein skule vil fylkesrådmannen leggje fram sak om dette på vanleg måte.

Klassestorleik

Hordaland har vedteke normtal for tal elevar i klassane: 15 for yrkesfaglege og 30 for studieførebuande utdanningsprogram. Prosessen for å tilpasse seg normtalet har gått over noko tid, m.a. har det vore behov for bygningsmessige tilpassingar. Tidlegare tildelingsmodell med stykkprisfinansiering av dei vidaregåande skulane har også medverka til at skulane no har tilpassa seg normtala.

Sogn og Fjordane har større differensiering når det gjeld tal elevar i klassane; 12-14 i yrkesfag med verkstad, 15 i yrkesfag utan verkstad, 24 i musikk, 12 i dans, 12 i drama, 30 i dei andre

studieførebuande utdanningsprogramma. Grunna bygningsmessige avgrensingar og læreplasstilgangen har det vore lite tenleg å standardisere normtala ut over dette.

Krav til oppfylling i klassar

I Sogn og Fjordane vart det i skulebruksplansaka (FT-sak 26 /13) vart det lagt til grunn ei målsetting om at oppfyllinga skal vere så høg som mogleg. Det vart vedteke følgjande minimumskrav til oppfylling: 8 for yrkesfaglege utdanningsprogram, 16 for musikk, 16 samla for dans og drama og 20 for studieførebuande utdanningsprogram. Nivået på oppfyltingskravet er resultat av tydeleg politisk prioritering for å oppretthalde ein desentralisert skule- og tilbodsstruktur. Minimumskravet for oppfylling har vore strengt praktisert.

Som hovudregel har Hordaland fylkeskommune krav om oppfylling på 85% av klassestorleiken for at ei klasse skal settast i gang. I Bergensområdet tilseier erfaring at 85%-regelen gjennomgåande vert praktisert. Utanfor Bergen vert regelen praktisert med noko skjønn. Det er særleg når det er omsyn til behov i arbeids- og næringslivet, eller marginale tilbod, at ein sett i gang klassar med lågare oppfylling.

Dei største ulikskapane mellom fylkeskommunane kan oppsummerast slik:

- Fylkesdirektøren i Hordaland utarbeider først framlegg til sak og sender den deretter til skulane for innspel som eventuelt vert innarbeidd, medan fylkesdirektøren i Sogn og Fjordane hentar inn innspel frå skulane i forkant av arbeidet med saksutgreiing.
- Tidspunkt og prosess for innspel frå arbeids- og næringslivet er også noko ulik. I Hordaland handsamar Y-nemnda fylkesdirektøren sitt framlegg til tilråding, medan Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane handsamar tilpassingar av opplæringstilbodet på grunnlag av innspel frå opplæringskontora. Vedtaket i fagopplæringsnemnda vert innarbeidd i fylkesdirektøren si saksutgreiing.
- I Hordaland vert oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde handsama politisk. Justering av klassetal blir handsama administrativt. I Sogn og Fjordane vert begge deler handsama politisk.
- I Hordaland er saksgangen handsaming i utval for opplæring og helse og slutthandsaming i fylkesutvalet, medan hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane har mynde til å gjere endeleg vedtak, under føresetnad av at vedtaket er innanfor vedteken økonomisk ramme.

2.3.2 Vaksne

Noverande tilbod og struktur for vaksne søkjarar er ulikt i fylka. Det skuldast nok delvis forskjellane i omfang av søkjarar og utvikling av ulike arbeidsmåtar/kulturar. Ut frå erfaringane er omfanget av søkjarar om lag 500 i Sogn og Fjordane og 3200 i Hordaland. Ved gjennomgang av tal vaksne elevar i vidaregåande opplæring, oktober 2018, var det 390 elevar i Sogn og Fjordane og 1150 i Hordaland. I Sogn og Fjordane gjekk i overkant av 20% av elevane i opplæring med tanke på studiekompetanse, medan hovudtyngda tok yrkesfagleg utdanning. I Hordaland var fordelinga mellom studiekompetanse og yrkesfag om lag 50-50.

Hordaland har fire vaksenopplæringsssenter, der eit av dei er tilrettelagt for studiekompetanse. I Sogn og Fjordane er det nettbasert og samlingsbasert opplæring med base ved tre ulike skular.

I begge fylka er det stor overvekt av minoritetsspråklege vaksne i yrkesfagleg opplæring.

2.3.3 Minoritetsspråkleg ungdom

Som omtala i del 2.1 løyser dei to fylkeskommunane utfordringane for minoritetsspråklege elevar på ulikt vis. Sogn og Fjordane har ingen eigne tilbod på vidaregåande nivå, medan Hordaland har det. Noko av utfordringa i Sogn og Fjordane er at det er relativt få elevar og stor geografisk spreining. Det blir difor utfordrande å sette i gang eigne vg1 og vg2 tilbod i ulike utdanningsprogram. Mobiliteten i denne søkargruppa viser seg ofte å vere låg. I Hordaland er omfanget av minoritetsspråklege elevar større og mange er busette i Bergensområdet, eller so nært, at det er søkjargrunnlag til eigne tilbod.

2.4 FØREMONER OG ULEMPER MED DAGENS OPPGÅVELØYSING

Tilbod til elevar med særskilte behov for tilrettelegging

Ein del elevar har av ulike årsaker behov for meir tilpassing av opplæringa enn den tilpassa opplæringa alle elevar ha krav på. Hordaland fylkeskommune har om lag 100 eigne søkbare, tilrettelagde klasser for elevar med særskilte behov. Dette er tilrettelagt opplæring i eigne grupper HTA- og HTH og HT grupper Elevane i HT- gruppene er for elevar med mindre behov for tilrettelegging enn elevar som går i grupper HTH som er tilrettelagde opplæring i eigne grupper - arbeidslivstrening og HTH grupper som er tilrettelagd opplæring i eigne grupper - kvardagslivstrening.

I Sogn og Fjordane er det ingen spesielle søkbare tilbod, alle søkjarar til vidaregåande opplæring søker til ordinære klassar. Elevar med stort behov for tilrettelegging får opplæringa organisert i HTH eller HTA grupper ved skulane. For elevar med mindre behov for tilrettelegging blir kurskoden lagt om, men så langt råd er får dei opplæringa i dei ordinære klassane.

Ordninga med eigne søkbare HT-grupper, slik ein har i Hordaland fylkeskommune, har den fordel at det er føreseieleg for skulane og elevane det gjeld. Tilbudsstrukturen i Sogn og Fjordane, utan søkbare HT-grupper har gjort det enklare å inkludere flest mogeleg elevar i felles klasse- og læringsmiljø.

Inntaksmodell og elevmobilitet i Sogn og Fjordane og Hordaland

Begge fylkeskommunane har i dag ein karakterstyrt inntaksmodell med heile fylket som inntaksområde - ofte kalla fritt skuleval. Dette inneber at søkjarane konkurrerer om skuleplassar på bakgrunn av karakterpoeng. Søkjarane konkurrerer då i prinsippet om alle skuleplassane i fylket. I praksis vil likevel skule- og tilbodsstrukturen i stor grad styre kvar ungdommane ønskjer å gå på skule.

Tal frå Sogn og Fjordane syner at dei fleste søker seg til næraste skule. Om lag halvparten av søkjarane søker same skule på første og andre ønske, medan halvparten prioriterer same programområde ved fleire skular.

I Hordaland er det eit skilje mellom stor-Bergen og resten av fylket. Utdanningsvalet til søkjarane i Bergen og omlandskommunane er i stor grad styrt av kva utdanningsprogram dei ønskjer å gå på. Dei søker gjerne eitt eller fleire prioriterte utdanningsprogram både på næraste skule og skular i stor-Bergen. Elles i fylket er situasjonen litt annleis. Søkjarane tenderer då først mot å prioritere utdanningsprogram på næraste skule eller ein annan skule i regionen. Som alternativt val, om dei ikkje kjem inn på førstevalet, prioriterer søkjarane å søkje eit anna utdanningsprogram på ein skule i same region. Mobiliteten er altså monaleg større i stor-Bergen enn i resten av fylket.

Bergen står i ei særstilling når det gjeld demografi og infrastruktur med halvparten av innbyggerane i Hordaland. Bergen har i tillegg folkerike omlandskommunar, der mange søkjarar historisk sett vel å søkje seg til skular i Bergen.

Det er tydelege reisemønster frå omlandskommunane med tanke på jobb og skule, og det er god kommunikasjon til og frå Bergen. Skuletettleik og god kommunikasjon mellom bydelane og omlandskommunane gjer at søkjarane søker skule på tvers av bydelar og kommunegrensar. Elevane busette i Bergen kommune vil ha tilgang til alle utdanningsprogram innan ein time reiseveg kvar veg. Dette gjeld og for svært mange søkjarar busett i dei folkerike kommunane som grensar opp mot Bergen.

Vedtatt inntaksmodell i Hordaland

Hordaland fylkesting handsama 13.12.16 PS 95/2016 Ny inntaksmodell til vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune frå skuleåret 2017/18, kor følgjande vedtak blei fatta:

Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane:

- Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsetje på same skule på neste trinn påfølgjande skuleår.
- Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønnsmessig for inntak på nærskulen.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.

Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.

Fylkestinget ber om at utval for opplæring og helse vert gitt ei orientering kring retningslinjer og oppfølging i høve søknadsskjemaet og opplæring i dette med omsyn til saksframlegget.»

Dette vedtaket representerer også ulikheiter i inntaksmodellen i dagens to fylke. Ordninga med elevane på Vg1 studieførebuande utdanningsprogram sin rett til å fortsetje på same skule påfølgjande skuleår vil vere gjenstand for vurdering i høyringa om inntaks- og formidlingsforskrift hausten 2019.

Private vidaregåande skular

Bergen har eit stort tal privatskular som representerer ein forskjell samanlikna med Sogn og Fjordane, og for så vidt Hordaland elles. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er høgt, men Framnes Kristne vidaregåande skule er også ein viktig konkurrent for Kvam vidaregåande skule.

Dei aller fleste elevplassane i dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserande utdanningsprogram (i underkant av 2000), og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum (omlag 1600). Studiespesialisering er det økonomisk rimelegaste utdanningsprogrammet, og det er ei problemstilling knytt til at dei private skulane konkurrerer hovudsakleg på desse tilboda, og ikkje på dei meir areal- og kostnadskevjaande utdanningsprogramma.

2.5 TILRÅDING- KORLEIS SKAL VI UTFØRE OPPGÅVENE SOM EIN FYLKESKOMMUNE

2.5.1 Kriterium for utforming av tilbodsstruktur

Ungdom med lovfesta rett

Kriterium for utforming av tilbodsstruktur er dei overordna føringane som skal ligge til grunn for den årlege saka om kva opplæringstilbod som skal lysast ut, og den årlege saka om justering av tilbodet på grunnlag av søkjartala.

Tilbod om alle utdanningsprogram

Alle tilbod i den nasjonale tilbodsstrukturen skal vere tilgjengelege å søke seg til. På same måte som i dagens to fylkeskommunar, betyr det at der det er tilbod fylkeskommunen sjølv ikkje har, må ein kjøpe plass til søkjarar i andre fylkeskommunar. Ein så stor fylkeskommune som Vestland må ha tilbod innanfor alle utdanningsprogram. Sjølv om fylkeskommunen i elevtal er stor vil ein likevel ikkje kunne ha tilbod innanfor alle programområde på vg2/vg3. Innanfor eit inntaksområde må det for å sikre eit likeverdig opplæringstilbod for elevane vere tilstrekkeleg breidde i tilboda på vg1-nivå, og som hovudregel bør – dersom det er søkjargrunnlag til at tilbodet kan opprettast - det finnast tilbod innanfor alle utdanningsprogram i alle inntaksområde.

Desentralisert struktur i store utdanningsprogram

Utdanningsprogramma studiespesialiserande, bygg og anlegg, teknikk og industriell produksjon, elektrofag og helse- og oppvekstfag er tilboda som har volumet av søkjarar. Desse utdanningsprogramma vil det både av omsyn til at elevar skal kunne bu heime og av omsyn til stabilitet i skule- og tilbodsstrukturen vere føremålstenleg at mange skular har tilbod om og at ein har ein desentralisert tilbodsstruktur innanfor desse utdanningsprogramma. For yrkesfag betyr dette at tilbodet bør finnast i regionane/innanfor bu- og arbeidsmarknadsområda.

Utdanningsprogram med færre søkjarar

For andre utdanningsprogram med vesentleg lågare søkjarvolum vil ein av omsyn til effektiv ressursforvaltning og stabile fagmiljø måtte gje tilbod på færre skular. For fleire programområde innanfor desse utdanningsprogramma vil det ikkje vere søkjargrunnlag til at ein kan tilby anna enn som fylkesdekkande tilbod. Fylkesdekkande tilbod vil vere tilgjengelege for alle søkjarar, uavhengig av inntaksområde. Kva som vert fylkesdekkande tilbod vert avklart i den årlege struktursaka.

Krav til fagmiljø

Fagmiljø er viktig for at elevane skal møte ei opplæring av høg kvalitet. Av omsyn til fagmiljø bør alle skular som har eit yrkesfagleg tilbod på vg1-nivå, òg ha eit tilbod om minst eit programområde innanfor utdanningsprogrammet på vg2-nivå. Som hovudregel bør òg ein skule som har eit tilbod på vg2-nivå og tilby utdanningsprogrammet på vg1-nivå. Skular som i dag har gode og stabile fagmiljø på eit vg2-tilbod utan at skulen òg tilbyr utdanningsprogrammet på vg1-nivå, bør framleis kunne vidareføre desse tilboda. Nyetableringar av tilbod på vg2-nivå må derimot knytast til at skulen òg har eit tilbod om utdanningsprogrammet på vg1-nivå. Dette vil mellom anna ha konsekvensar for korleis ein lokaliserer tilboda i den nye strukturen for yrkesfag som implementerast frå skuleåret 2020/2021.

Omsynet til fagmiljø og likeverdige opplæringstilbod tilseier òg at ein skule som skal ha tilbod om studiespesialisering som hovudregel bør ha tilbodet på både vg1-, vg2- og vg3-nivå. Alle skular som har studiespesialisering skal på vg2- og vg3-nivå ha tilbod om både programområde for språk, samfunnsfag og økonomi og programområde for realfag. Skular med ei eller to klassar/ein eller to parallellar vil ha behov for ekstra ressursar/timar samanlikna med skular med fleire parallellar for å kunne tilby naudsynt breidde i programfaga.

Bygge på eksisterande strukturar

Både i Hordaland og i Sogn og Fjordane fylkeskommunar er der ein skule- og tilbodsstruktur som er etablert over tid ut frå historiske søkjemønster, lokal næringsstruktur og vedtekne skulebruksplanar. Ein har bygningsmassar på skulane som er tilpassa dei tilboda ein har, og ein har lærarar og etablerte fagmiljø knytt til desse tilboda. Søkjemønster og næringslivet sine behov endrar seg sjølvstøtt over tid. For å utnytte dei ressursane ein har best mogeleg og ikkje påføre fylkeskommunen unødvige investeringskostnader, vil ein vere tente med å i hovudsak bygge framtidig tilbodsstruktur på den etablerte tilbodsstrukturen. Dette gjev òg eit tilbod som er føreseieleg for søkjarane.

Arbeids- og næringslivet sitt behov

Tilbodsstrukturen må finne ein balanse mellom breidde i opplæringstilbodet, god ressursutnytting, søkjarane sine ønske og arbeids- og næringslivet sine behov. Riksrevisjonen peikar i sin rapport (Riksrevisjonen, dokument 3:12 2015-16) frå 2016 på at for yrkesopplæringa skal elevane sine ønske og næringslivet sine behov vektast likt. Særleg for yrkesfaga er det derfor viktig å sjå tilbodsstrukturen i skule i samanheng med tilgangen på læreplassar og dei ulike næringane sitt framtidige behov for arbeidskraft. Når ein opprettar eit tilbod på vg1, må ein sjå eit fireårig løp for desse elevane, som gjer at ein ikkje berre kan ta dei inn i skule, men at dei òg kjem ut etter heile opplæringsløpet med eit fag- eller sveinebrev eller kompetansebevis. Det er i søkjarane si interesse at ein i stor grad legg vekt på arbeids- og næringslivet sine behov, sjølv om det medfører at det for einskilde utdanningsprogram eller programområde blir søkjarar som ikkje får innfridd førsteønsket sitt. Gruppetalet må regulerast i årleg handsaming av utlysing og justering av tilbodet ut frå årleg elevsøking og kortvarige konjunktursvingingar i næringslivet. Tilbod som ikkje blir lyst ut eller har tilstrekkeleg søking til å bli sett i gang eit einskild år, må vurderast på nytt påfølgjande år. Dette er viktig for at tilbodsstrukturen skal vere tilpassa varige endringar i næringsstruktur og søkjemønster, og ikkje bli basert på kortvarige og mellombelse svingingar.

God ressursutnytting og samtidig pedagogisk forsvarleg

Omsynet til å forvalte fylkeskommunen sine ressursar effektivt tilseier at normal klassestorleik og krav til minimum oppfylling i klassane vil vere viktig. Normtalet for klassestorleik må primært ta utgangspunkt i kva som er pedagogisk forsvarleg; at kvaliteten på opplæringa for elevane skal vere god, og at elevane skal få den individuelle oppfølginga dei treng. Historisk fanst det klassesdelingstal som sette øvre grenser for klassestorleiken. I hovudsak er desse klassesdelingstala vidareført som normtal, sjølv om dei ikkje lenger fungerer som absolutte krav. Bygningsmassen – klasseromsstorleik og verkstadkapasitet – er i stor grad og tilpassa dette. Innanfor mange av yrkesfaga er det og tryggleikssyn som avgrensar kor store klassane kan vere.

Normtal for klassestorleik vil kunne ha vesentleg betyding for tilbodsstrukturen - både isolert og sett i samanheng med krav til oppfylling i klassane. Ideelt sett burde normtal for klassestorleik derfor sjåast på i samband med skulebruksplanen. Dersom det skulle kome ein norm for lærartettleik i vidaregåande opplæring, på same måte som det no er innført som ei prøveordning i grunnskulen, vil det og eventuelt medføre at det må gjerast ei ny vurdering av normtalet for klassestorleik. Ny inntaks- og formidlingsforskrift vil legge premissar for korleis endringar i normtal for klassestorleik vil slå ut for tilbodsstrukturen. Av omsyn til effektiv og rettvis ressursutnytting bør ein likevel starte arbeidet med å harmonisere normtal for klassestorleik i Vestland snarast.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane har i dag minstekrav til oppfylling i klassane – i Hordaland formulert i prosent, i Sogn og Fjordane formulert i minste primærskjartal med ungdomsrett. Slike minstekrav regulerer kva utlyste klassar/tilbod som ikkje kan setjast i gang. Eit minstekrav formulert i minste primærskjartal med ungdomsrett har mindre rom for skjønn enn ei formulering i prosent. Der ein skule har fleire grupper/parallelar på same tilbod, må minstekravet til oppfylling forståast slik at skjartalet ikkje skal fordelast jamt over alle klassane, men at alle klassane først skal fyllast til

normtalet. Det er då oppfylingsgraden i siste klasse som er vurderingstema. Sjølv med minstekrav til oppfylling, kan det likevel oppstå situasjonar der ein må setje i gang klassar som ikkje oppfyller kravet for at ein skal ha plassar til alle elevar med ungdomsrett. Alle elevar skal få tilbod innanfor eitt av tre ønska utdanningsprogram på vg1 eller eit tilbod på eit programområde på vg2 som dei er kvalifiserte for.

Dess strengare krav til oppfylling ein har, dess meir vil det vere behov for å praktisere eit minstekrav med skjønn for å ta omsyn til at alle elevar skal få plass, til å oppretthalde breidde i opplæringstilbodet der det er svakt rekrutteringsgrunnlag og til å oppretthalde små og smale fagområde. Dette visast att i kor strengt krava til oppfylling er praktisert i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane i dag. Ulempa med eit stort skjønnsrom er at det vert mindre føreseieleg for søkjarar, elevar og skular kva tilbod som vert sett i gang. Samstundes er det eit mål at oppfyllingsgrada i klassane bør vere høgast mogeleg for å utnytte ressursane. I det store biletet er det og fulle klassar som er normalsituasjonen. Dei tilboda som krava til oppfyllingsgrad har betydning for er primært knytt til nokre distriktsskular og til nokre av dei – i elevtal - små utdanningsprogramma. På grunn av at det er knytt til desse tilboda, at endra krav til oppfyllingsgrad kan gje utfordringar for å setje i gang klassar, er det ein klar risiko for at konsekvensane for tilbodsstrukturen på sikt vil vere meir omfattande enn at klassetalet det einskilde året vert justert ned.

På same måte som for normalt for klassestorleik kan vesentlege endringar i krav til oppfyllingsgrad ha vesentleg betydning for tilbodsstrukturen som er vanskeleg å ha oversikt over per i dag. Endringar i krav til oppfyllingsgrad bør på grunn av dei mogelege struktureffektane ideelt sett vurderast i samband med skulebruksplanen. Ny inntaks- og formidlingsforskrift vil legge premisser for kva som vil vere sannsynlege struktureffektar av endra krav til oppfyllingsgrad. Av omsyn til effektiv og rettviss ressursutnytting bør ein likevel starte arbeidet med å harmonisere krav til oppfyllingsgrad i klassar Vestland snarast

Halve klassar

For å sikre breidde i tilbodet kan det i einskilde tilfelle vere føremålstenleg å lyse ut eller opprette halve klassar. Kvaliteten på opplæringa og at opplæringstilbodet skal vere likeverdig tilseier at det ved oppretting av halve klassar er naudsynt å legge til grunn at det skal vere full deling i programfaga. Oppretting av halve klassar gjev derfor relativt dyre tilbod. For at halve klassar ikkje skal vere ytterlegare kostnadsdrivande må det vere ein føresetnad for at ein skal vurdere å opprette halve klassar, at skulen og har ein annan klasse for felles opplæring i fellesfag. Det vil sei at det er oppretta to halve klassar som kan slåast saman til ein klasse i fellesfag på same skule. I yrkesfag bør, på grunn av yrkesretting av fellesfaga, desse klassane fortrinnsvis vere innanfor same utdanningsprogram.

Dimensjoneringsgrunnlag

Kva ein dimensjonerer tilbodet ut frå er og avgjerande for ressursbruken knytt til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen har ansvar for å gje eit tilbod til alle søkjarar med ungdomsrett. Til vg2 og vg3 må ein og ta omsyn til elevane sin rett til å gjere omval. Det samla tilbodet må sikre plass til desse søkjarane. I vurderinga av korleis ein fordeler plasstalet mellom dei ulike tilboda/utdanningsprogramma, bør ein, jf. vurderingane over, legge vekt på arbeids- og næringslivet sitt behov og tilgangen på læreplassar i ulike bransjar. Innanfor nokre fagområde er behovet for arbeidskraft større enn tilgangen på søkjarar til vidaregåande opplæring med ungdomsrett. Der det er behov i arbeids- og næringslivet og søkjargrunnlag, kan tilbod lysast ut som kombinasjonstilbod mellom tilbod for vaksne – med vaksenrett – og tilbod for ungdom. Ein føresetnad for dette er at det

bidreg til å gje kvalitativt gode tilbod innanfor vaksenopplæringa og til å gje breidde i tilbodet for søkjarane med ungdomsrett.

Tilbod til elevar med behov for særskilt tilrettelegging

Elevar med behov for HTA eller HTH-tilbod, søker dette tilbodet som i dag. Når det gjeld elevar med mål om grunnkompetanse og lærekandidatløp (HT- gruppe i HFK) må dette ugreiast nærmare. Arbeidet må vere ferdig seinast hausten 2020.

Det må vidare avklarast kva seksjon som har ansvaret for å gjennomføre denne utgreiinga. I arbeidet vil det vere aktuelt å involvere skular, elevar og relevante fagmiljø.

Tilråding:

Med utgangspunkt i grunnprinsippa tilrår prosjektgruppa følgjande overordna føringar for tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune:

- Framtidig tilbodsstruktur bør i hovudsak bygge på etablert tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane
- Innretting av tilbodet til elevar med mål om grunnkompetanse og lærekandidatløp skal utgreiast nærmare.
- HTA og HTH grupper skal vere søkbare tilbod.
- Tilbodsstrukturen må vere tilpassa arbeids- og næringslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft
- Innanfor yrkesfag skal ein skule som tilbyr eit utdanningsprogram på vg1-nivå minimum ha tilbod om eit programområde på vg2-nivå, og skular som har eit tilbod på vg2-nivå skal som hovudregel òg tilby utdanningsprogrammet på vg1-nivå
- Innanfor Studiespesialisering skal ein skule som har utdanningsprogrammet som hovudregel ha tilbodet på både vg1-, vg2- og vg3 nivå. Alle skular som tilbyr Studiespesialisering skal på vg2 og vg3 som hovudregel ha tilbod om både programområde for språk, samfunnsfag og økonomi og programområde for realfag.
- Av omsyn til effektiv og rettvis ressursutnytting bør ein starte arbeidet med å harmonisere normtal for klassestorleik og krav til oppfyllingsgrad i klassar allereie hausten 2019.
- Tilbod som ikkje vert sett i gang skal vurderast på nytt påfølgande år
- Ein skal vere restriktiv i oppretting av halve grupper, og det er ein føresetnad for oppretting at to halve klassar kan slåast saman til ei heil gruppe i fellesfaga
- Opplæringstilbodet skal dimensjonerast ut frå tal søkjarar med ungdomsrett
 - Til vg1 er dimensjoneringsgrunnlaget elevtal frå grunnskulen, elevtal frå grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom, omval og søkjarar som no har ungdomsrett som konsekvens av utvidinga av ungdomsretten/bortfallet av 5-årsfristen
 - Til vg2/vg3 er dimensjoneringsgrunnlaget elevar med ungdomsrett og omval
- Dimensjonering av dei ulike tilboda i strukturen skal legge vekt på arbeids- og næringslivet sitt behov og tilgangen på læreplassar
- Der det er behov i arbeids- og næringslivet og søkjargrunnlag kan tilbod lysast ut som kombinasjonstilbod for søkjarar med ungdomsrett og søkjarar med vaksenrett
-

Minoritetsspråkleg ungdom

Vestland fylkeskommune bør tilby grunnskuleopplæring i kombinasjonsklassar etter mønster frå Sogn og Fjordane, med rom for lokale justeringar der ein til dømes tek omsyn til forskjellar mellom by

og bygd. Vedtak om kombinasjonsklassar krev avtale med kommunane i Hordaland og dette vil ta tid utover 1.1.2020.

I tillegg til kombinasjonsklassar i samarbeid med kommunar bør det leggjast til rette for ein del fylkeskommunale innføringsgrupper. Inntaksgrunnlag til dei to tilboda kan vere kombinasjonsklassar for elevar med lite skulebakgrunn og/eller behov for vitnemål, og innføringstilbod på utvalde skuler for elevar med lang skulebakgrunn og vitnemål frå tidlegare. Eigne vg1 tilbod for minoritetsspråkleg ungdom bør vere moglege når ein ser tydelege behov og der det er tilstrekkeleg tal søkjarar til tilbodet. Felles klasser for minoritets- og majoritetsungdom er likevel fordelaktig både for språklæring og integrering. Også i planlegging av tilbod for minoritetsspråkleg ungdom bør ein sjå etter samarbeid med planlegging av tilbod for vaksne søkjarar. Ein stor del av minoritetsspråklege søkjarar er vaksne.

Tilråding

Vestland fylkeskommune bør leggje til rette for tilpassa opplæringstilbod til minoritetsspråklege ungdommar og vaksne på grunnlag av kartlegging og behov for tilpassing og differensiering. Slike opplæringstilbod kan til dømes vere:

- Tilbod om grunnskuleopplæring i vidaregåande skule til ungdom mellom 16 og 24 (kombinasjonsklasser). Tilbodet skal primært omfatte både ungdom med rett til grunnskuleopplæring og ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som har behov for meir grunnskuleopplæring.
- Særskilt tilrettelagte innføringstilbod for ungdom med rett vidaregåande opplæring og rett til særskilt språkopplæring j.f. oppl. § 3.12
- Eigne vg1 tilbod for minoritetsspråkleg ungdom

Som hovudregel skal opplæringstilbod særskilt tilrettelagte til minoritetsspråklege ikkje omfatte både ungdom og vaksne i same gruppe, men fylkeskommunen kan planlegge tilbod for begge målgrupper der det er hensiktsmessig i lys av søkjargrunnlaget.

Vaksne

Opplæringstilbod for vaksne skal vere tilpassa lokale og regionale behov for arbeidskraft og samtidig vere tilpassa søkjarane sine ønske.

Tilbodet skal vere føreseieleg for søkjarane og bør difor lysast ut. Vaksne sine rettar til opplæring fram mot ønska sluttkompetanse må takast i vare. For mange vaksne innvandrarak og flyktningar kan det sjå ut til at utsiktene til å få jobb etter utdanning i stor grad styrer val av fag / sluttkompetanse .

Vestland fylkeskommune bør legge til rette for at det, så langt det er turvande, vert dimensjonert for kombinerte klassar av unge elevar og vaksne deltakarar. Vaksne søkjarar kan såleis få tilgang til fleire programområde enn det er kapasitet til å opprette som eige VO-tilbod. Samtidig vil søkjargruppa vaksne kunne bidra til å oppretthalde tilbod som har svak søking av unge, og som ikkje vil bli sett i gang med berre ungdom som rekrutteringsgrunnlag.

Tilråding

Prosjektgruppa tilrår følgjande i arbeidet med gode tilbod for vaksne søkjarar:

- Tilbod for vaksne skal vere føreseielege og i størst mogeleg grad lysast ut.
- Tilbod for vaksne må vere tilpassa lokale og regionale behov for arbeidskraft samstundes som søkjarane sine ønsker ønske tel med.
- Der det er mogeleg og fornuftig bør tilbod for vaksne dimensjonerast i lag med tilbod for ungdom, med tanke på kombinerte klasser for begge søkjargruppene.

2.5.2 Prinsipp for søking og inntak

Ungdom med lovfesta rett

For ungdom med lovfesta rett til vidaregåande opplæring er politisk vedtak om lokal inntaks og formidlingsforskrift etter § 6-2 og 6-A2 i forskrift til opplæringslova, utsett til 2020. Det nye fylkestinget i Vestland fylkeskommune vil hausten 2019 få framlegg til lokal inntaks- og formidlingsforskrift til handsaming, vidare saksgang vil vere ei brei høyring og vedtak våren 2020. Av vedtak som ligg til den lokale forskrifta er mellom anna inntaksområde, ulike tilleggspong ved inntak, idrettsordningar, bruk av rett i opplæring i bedrift m.m.

Uavhengig av vedtak om inntaksregionar har ein i delprosjektet utarbeidd årshjul for søking og inntak i Vestland fylkeskommune. Årshjulet gjeld alle søkjarar med rett til vidaregåande opplæring.

Forskrift til opplæringslova, kapittel 6, styrer i stor grad inntaket til vidaregåande opplæring. På ein del område er det rom ulik praktisering. Under er områda med rom for ulik praktisering der dei to fylka har hatt ulike ordningar og der ein no er samde om felles prinsipp/retningslinjer.

Tilråding

Prosjektgruppa tilrår følgjande prinsipp / retningslinjer for inntak til vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune:

- Alle søkjarar til vg1 skal søke til ordinære utdanningsprogram
- Det skal vere tre maskinelle inntak, etter tredje inntak skal alle søkjarar med ungdomsrett ha fått eit opplæringstilbod.
- Etter at alle søkjarar med ungdomsrett har fått tilbod, kan det takast inn søkjarar til ledige plassar, også søkjarar utan ungdomsrett.

- Det er høve til å sette opp inntil seks skular per utdanningsprogram/programområde.
- Fylkesdekkande tilbod (tilbod lokalisert berre ved ein skule) er søkbare for alle søkjarane i Vestland fylkeskommune. Kva som vert fylkesdekkande tilbod vert avklara kvart år i saka om opplæringstilbodet.

Tidleg inntak- søkjarar med søknadsfrist 1.februar

Søking og inntak for søkjarar som søker til 1.februar er tydeleg regulert i § 6 i forskrift til opplæringslova. Søkjarar som får innvilga rett til fortrinn etter § 6-15,§6-17 eller §6-18 skal få tilbod om skuleplass før andre søkjargrupper.

Delprosjektet rår til at det vert køyrd separate inntak for:

- Søkjarar med rett til fortrinn og
- Søkjarar som søker om inntak etter individuell handsaming

Denne vurderinga bygger på tal søkjarar i dei ulike kategoriane og administrativt sakshandsamingsbehov.

Desse inntaka kjem før dei tre ordinære inntaka nemnt under ordinært inntak.

Eigne tilbod til minoritetsspråkleg ungdom

Erfaringane i begge fylka er at mange av dei minoritetsspråklege manglar godt nok grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Eit av tiltaka for å bøte på den situasjonen er å tilby grunnskuleopplæring i kombinasjonsklassar (kombinasjon mellom elevar som har grunnskule frå heimlandet og soleis rett til å starte på vg1 og elevar utan grunnskule) og/ eller innføringsklassar.

Prosjektgruppa rår til at Vestland fylkeskommune forsøker å etablere grunnskuleopplæring i kombinasjonsgrupper etter modell frå Sogn og Fjordane. Det vil ta tid å etablere avtalar med kommunane i Hordaland, og inntil avtalar er på plass rår prosjektgruppa til at gjeldande ordningar i fylka vert vidareført i Vestland fylkeskommune.

I strukturen for vidaregåande opplæring er det det forskjell på fylka, i Hordaland er det egne tilbod for minoritetsspråklege elevar ved to skular, det er tilbod i utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag og i Studiespesialisering.

Tilflyttinga av minoritetsspråklege elevar er kraftig redusert, og om framtidig tilflytting vil vere stor nok til å tilby egne klassar i Vestland fylkeskommune har ein ikkje svar på no.

Tilråding

Prosjektgruppa tilrår følgjande for søking og inntak av minoritetsspråklege:

- Elektronisk søking til kombinasjonsklassane (GMU)(Sogn og Fjordane) gjennom eksisterande løysing inntil ny løysing er vurdert for heile Vestland.
- Søkjarar til innføringsklassane i Hordaland søker i Vigo.
- Eige inntak for minoritetsspråklege søkjarar

Vaksne

Vaksne søkjarar skal søke vidaregåande opplæring i VigoVaksen, som er eige program. (VigoVaksen blir avslutta når vaksenopplæringsmodulen i Visma in School (VIS) er klart.)

Sakshandsaming av vaksne søkjarar skjer i VigoVaksen, dokumentasjon og brev vert lagra i arkivsystemet.

For vaksne søkjarar som søker i VigoSøknad (basen for ungdom) må informasjon overførast slik at denne gruppa blir kontrollert for søking i VigoVaksen og ev gitt melding om at rettane til vidaregåande opplæring blir vurdert i VO og at dei bør søke der.

Vaksne søkjarar kan få tilbod i det ordinære opplæringstilbodet for ungdom dersom det er ledige plassar etter at alle søkjarar med ungdomsrett har fått tilbod om skuleplass.

Tilråding

Prosjektgruppa tilrår følgjande for søking og inntak av vaksne:

- Vaksne søkjarar skal søke i eige program, pt Vigo Vaksen.
- Søking i Vigo Vaksne må kontrollerast opp mot søking i VigoSøknad (basen for ungdom) for informasjon og rettleiing til vaksne søkjarar.
- Vaksne søkjarar kan få tilbod i det ordinære opplæringstilbodet for ungdom dersom det er ledige()plassar etter at alle søkjarar med ungdomsrett har fått tilbod om plass.

2.5.3. Prosess for årleg handsaming av opplæringstilbodet

Med utgangspunkt i kriteria for tilbodsstruktur tilrådd over, vil det vere viktig å få til ei tidleg involvering av dei vidaregåande skulane, Y-nemnda/fagopplæringsnemnda, opplæringskontora, andre sektorar i fylkeskommunen med relevant kompetanse og dei fylkeshovudtillitsvalde. Særskilt vil ein dialog med Y-nemnda og opplæringskontora om behova i arbeids- og næringslivet vere viktig tidleg i prosessen. Innspel, merknader og framlegg frå desse ulike interessentane vil vere ein del av grunnlaget for utarbeiding av sak om opplæringstilbodet.

Etter delprosjektgruppa si vurdering kan det vere ein fordel - både tidsmessig og for kvaliteten i vedtaket – om handsaminga av både kva opplæringstilbod som skal lysast ut og justeringa av opplæringstilbodet etter søknadsfristen vert handsama av politikarar som kjenner sektoren og som i løpet av perioden får god kompetanse på sektoren og kan sjå heilskapen i eit samla opplæringstilbod. Utvalet kan då stå fram som eit fagutval med totalansvar. For å gje sektorutvalet grunnlag for å gjere ei heilskapleg vurdering ser vi at det kan vere tenleg at utvalet handsamar alle sider ved dimensjonering av opplæringstilbodet. Det betyr at både oppretting og nedlegging av programområde eller utdanningsprogram og justering av tal parallelle klassar er ein del av handsaminga i utvalet. På den andre sida vil dette gi mindre fleksibilitet til å justere opp eller ned klassetal, noko som ofte er naudsynt etter at prøveinntaket er gjennomført i juni. Ser fylkesrådmannen det som naudsynt å gjere endringar etter politisk handsaming vil dette krevje ny politisk handsaming etter at prøveinntaket blir gjennomført i slutten av juni. Dette vil vere arbeids- og tidskrevjande både politisk og administrativt. Ei tilnærming til dette kan vere at fylkesrådmannen får fullmakt til å justere elev- eller klassetal etter vedtak i hovudutvalet og prøveinntaket. Behovet for denne fleksibiliteten vil truleg vere større i Vestland fylkeskommune med fleire elevar og klassar enn i dagens to fylkeskommunar.

Vi vil derfor rå til at både sakene om utlysing og justering av opplæringstilbodet vert slutthandsama i Hovudutval for opplæring og kompetanse. Hovudutval for opplæring og kompetanse må då gjennom delegeringsreglementet gjevast fullmakt til å vedta opplæringstilbodet innanfor den økonomiske

ramma. Dersom det er behov for å gå ut over ramma må dette gå vidare til finansutvalet som ein del av budsjettprosessen. Etter vår vurdering er dette og ei ansvarleggjering av sektorpolitikarane som kan bidra til at heilskapen og vektinga mellom god ressursutnytting, kvalitet og desentralisert tilbodsstruktur vert ivareteken.

Tabell 4 syner vårt framlegg til tidsplan for handsaming av sakene om utlysing og justering av opplæringstilbodet:

September/oktober	Fylkesdirektøren sender ut grunnlagsmateriale(inntakstill per 15.sept og avgangselevar frå grunnskulen) til skulane. Frist for rektorane til å gje innspel til endringar ved sin skule. Dialog med opplæringskontora og relevante fagområde internt i fylkeskommunen om utfordringar i ulike bransjar og fagfelt. Y-nemnda gjev innspel til opplæringstilbodet på grunnlag av resultat av formidling til opplæring i bedrift. Informasjon- og drøftingsmøte med tillitsvalde om utfordringane for neste skuleår.
Oktober/november	Fylkesdirektøren utarbeider og ferdigstiller forslag til tilbodsstruktur.
November	Fylkesdirektøren informerer rektorane om framlegget til endringar og presenterer tilrådinga Offentleggjing av sak til handsaming i Hovudutval for opplæring og kompetanse. Informasjon- og drøftingsmøte der fylkesdirektøren presenterer tilrådinga for organisasjonane
November/desember	Handsaming i Hovudutval for opplæring og kompetanse og vedtak om kva opplæringstilbod som skal lysast ut.
Primo mars	Fylkesdirektøren sender primærskjartala til rektorane rett etter søknadsfristen er ute med frist for å kome med innspel til justeringar
Primo mars	Fylkesdirektøren har info.- og drøftingsmøte med organisasjonane i sektoren. Presentasjon av utfordringane
Primo mars	Fylkesdirektøren testar ut ulike endringar av tilbodet for å gje flest moglege tilbod og utnytte kapasiteten best moglege
Medio mars	Fagopplæringsnemnda (Y-nemnda) kjem med innspel til justeringar utdanningsprogram og programområde på grunnlag av skjartala.
Mars/april	Fylkesdirektøren informerer rektorane om framlegget til justeringane av utlyst tilbod og presenterer tilrådinga Fylkesdirektøren ferdigstiller og offentliggjør sak til handsaming i hovudutval for opplæring Informasjon- og drøftingsmøte der fylkesdirektøren presenterer tilrådinga for organisasjonane
Mars/april	Hovudutval for opplæring og kompetanse gjer vedtak om kva opplæringstilbod som skal settast i gang i kommande skuleår.
Juni	Eventuell administrativ justering av elev-/ klassetal som følgjer av konsekvensar av prøveinntaket

Tilråding

- Dei vidaregåande skulane, Y-nemnda, opplæringskontora, andre sektorar/fagfelt i fylkeskommune med relevant kompetanse og fylkeshovudtillitsvalde vert involvert tidleg i prosessen og deira innspel bør gå inn som del av grunnlaget for utarbeiding av saka.
- Hovudutval for opplæring og kompetanse får fullmakt til å slutthandsame og vedta utlysing og justering av opplæringstilbodet innanfor den økonomiske ramma
- Fylkesrådmannen/fylkesdirektør får fullmakt til å gjere naudsynte justeringar som følge av endra føresetnader etter vedtak i hovudutvalet.

- Vedtak om utlysning av tilbod skal fattast seinast primo desember og vedtak om kva tilbod som skal settast i gang for komande skuleår skal fattast seinast medio april.

2.5.4 Tidspunkt for heilskapleg gjennomgang av skule- og tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune

Delprosjektet har i sitt mandat fått i oppdrag å legge fram tilråding om tidspunkt for ein gjennomgang av skulestrukturen i Vestland fylkeskommune.

Eit nytt fylke kan føre til at det etablerer seg nye søkjemønster. Ideelt burde det vere gjennomført minst to reelle felles inntak med nye inntaksområde i VFLK før ein gjennomførte ei heilskapleg gjennomgang av skulestrukturen. Dette fordi det vil kunne gi eit best mogleg bilete på kva endringar i søkemønster som utviklar seg i VFLK .

Alternativ i)

1. 20/21 inntaksregionar lik fylkesgrenser i SFJ og HFK
2. 21/22 nye inntaksområde og felles forskrift
3. 22/23 - våren 22 – politisk sak som varslar oppstart av arbeidet
4. 22/23 - hausten 22 - tidlegast oppstart prosess SBP VFLK
5. høyringsgrunnlag ut på høyring april 2023
6. juni/oktober 2023 tidlegaste handsaming i fylkestinget av SBP
7. hausten 2024 tidlegast start implementere av vedtak SBP

Den økonomiske situasjonen i VFLK er krevjande. I arbeidsdokument til fellesnemnda har prosjektleiar lagt til grunn at fylkeskommunen har ei økonomisk utfordring på 400 mill. kr. i 2020. Utfordringa er aukande i økonomiplanperioden.

Strukturelle grep kan vere naudsynt for å møte krav til innsparing utan at det har for store konsekvensar på kvaliteten på opplæringa. Samstundes vil endringar i struktur ofte innebere behov for investeringar i nye bygg.

Det vil vere veldig lite tenleg å gjere nye vedtak om nedlegging eller nybygging utan at ein har ein heilskapleg gjennomgang av skulestrukturen. Frittstående avgjersler med tanke på skulestruktur kan gi uheldige og utilsikta konsekvensar. Nedskjeringar og innsparingar kan gjere det naudsynt med strukturelle grep, og då bør ei heilskapleg vurdering ligge til grunn. Dette talar for at ein set i gang arbeidet med gjennomgang av skulestrukturen på eit tidlegare tidspunkt.

Alternativ ii) - tidlegare gjennomføring – grunna behov for innsparingar

1. Mars 2020 vedtak inntaksområde VFLK
2. Juni 2020 – politisk sak som varslar oppstart av arbeidet
3. Hausten 2020 oppstart prosjektarbeid skulebruksplan VFLK
4. Høyringsgrunnlag ut på høyring april 2021
5. oktober 2021 tidlegaste handsaming i fylkestinget av SBP
6. hausten 2022 tidlegaste start implementering av vedtak SBP

Tilråding

Alternativ ii)

2.6 VIDARE ARBEID

2.6.1 Kva i oppdraget er fullført ved rapporteringstidspunktet for sluttrapportmalen

Prosjektgruppa og tilhøyrande undergrupper har ferdigstilt kartlegging av områda som blir påverka av samanslåinga, identifisert tidskritiske leveransar og område, og løpande avklart prinsipielle saker med prosjektleiar og politisk nivå.

Delprosjektet har som ein del av sluttrapporten utarbeidd kriterium for utforming av tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune. Denne ligg til grunn for vidare arbeid med politisk sak om felles tilbodsstruktur for det nye fylket hausten 2020.

Prosjektgruppa har også utarbeidd prinsipp for søking og inntak til vidaregåande opplæring. Fellesnemnda har på grunnlag av dette gjort vedtak om vidareføring av gjeldande inntaksområde for skuleåret 2020-2021 og felles inntak først frå skuleåret 2021-2022.

Omtale av sentrale politiske avklaringspunkt ligg i del 4.

2.6.2 Kva punkt i tilrådinga må drøftast med tillitsvalde

- Alle saker som skal til politisk behandling må drøftast.
- Saker til FN i desember 2018, mars og mai 2019 er drøfta tidlegare.

2.6.3 Kva gjenstår eventuelt i oppdraget

Ny lokal inntaks- og formidlingsforskrift

Ferdigstilling av høyringsutkast til lokal inntaks- og formidlingsforskrift – for handsaming i nytt fylkesting haust 2019, politisk slutthandsaming våren 2020. Område som etter prosjektgruppa si vurdering må handsamast i høyringssaka er:

- Inntaksområde
- Ulike idrettsordningar
- Oppflytting til vg2 og vg3 i studieførebuande utdanningsprogram
- Utarbeiding av rutinar og retningsliner for søking og inntak til vidaregåande opplæring

Saka skal ut på brei høyring der kommunar, representantar for arbeids- og næringsliv og ulike organisasjonar får høve til å uttale seg.

2.6.4 Ny struktur i fag- og yrkesopplæringa

Vert handsama hausten 2019 i saka om opplæringstilbod for dei to inntaksområda i Vestland for skuleåret 2020-2021. Dette gjeld også overgang frå vg1 studiespesialisering til vg2 i eit yrkesfag (yrkesfagleg opphenting)

2.6.5 Behov for overgangsordningar

Fellesnemnda sitt vedtak om å vidareføre inntaksområda for skuleåret 2020-21 er ei overgangsordning. Ytterlegare behov for overgangsordningar må eventuelt vurderast i arbeidet med saka om ny lokal inntaks- og formidlingsforskrift.

3. Organisatoriske forhold

3.1 KVA INNEBER GRUPPA SITT FRAMLEGG AV EV. KONSEKVENSAER FOR RESTEN AV ORGANISASJONEN

Inntaksordning og tilbudsstruktur har stor betydning for heile opplæringssektoren, inklusiv skulane og rettleiingseiningane som skal etablerast. For Karriere Vestland, som organisatorisk skal høyre under Innovasjon og næring, vil rammene for og tilboda særleg innan vaksenopplæringa vere relevante.

I den grad gruppa sine framlegg til kriterier for utforming av tilbudsstrukturen medfører vesentlege endringar i opplæringstilboda ved dei einskilde skulane på sikt, kan det ha konsekvensar for skuleskyss og nye eller endra skuleruter. Etter prosjektgruppa si vurdering vil konsekvensane for skuleskyssen som følgje av tilrådingane i denne rapporten vere relativt små. Saka om inntaks- og formidlingsforskrift, inklusiv inntaksområde, kan derimot få større konsekvensar for skuleskyss med behov for nye og endra ruter.

3.2 KVA ER DEI SENTRALE ENDRINGANE SOM BRUKARANE/INTERESSENTANE VÅRE VIL MERKE

Elevar/søkjarar til vidaregåande opplæring vil merke endringar som følgje av nye prinsipp for søking og inntak, og på sikt som følgje av kriterium for utforming av tilbudsstrukturen. Særleg vil dei føreslegne endringane ha betydning for søkjarar til vidaregåande opplæring for vaksne og for dei som i Hordaland tidlegare har søkt til særskilt tilrettelagde grupper.

Endringar i inntak og tilbudsstruktur medfører behov for god informasjon til elevar og søkjarar. Det vil og særleg vere viktig at ungdomsskulane og rådgjevarane i ungdomsskulane har godt kjennskap til endringane slik at dei formidlar rett informasjon og relevant rettleiing til elevar i ungdomsskulen. For søkinga til skuleåret 20/21 vil den største endringa vere at elevar frå heile Vestland fylkeskommune kan søke fylkesdekkande tilbod og konkurrere på lik linje til desse. Det er då viktig at det er kjent for elevane kva tilbod som er fylkesdekkande.

For skulane og næringslivet vil det vere merkbare endringar i korleis dei blir involverte i utforminga av det årlege opplæringstilbodet. Skulane vil i større grad bli utfordra på formidlingsarbeidet og på å vurdere tilbodet ved eigen skule i lys av det heilskaplege opplæringstilbodet i Vestland fylkeskommune. Arbeids- og næringslivet vil bli utfordra på meir forpliktande samarbeid med skulane og skuleeigar om dimensjonering av opplæringstilbodet og tilgang på læreplassar. For politikarane vil tilrådingane medføre endringar i kva som handsamast administrativt og kva som skal gå til politisk handsaming. Etter prosjektgruppa si vurdering vil politikarane i større grad bli utfordra på å ta ansvar for det heilskaplege opplæringstilbodet.

Kor stort behov for kompetanseheving tilrådingane medfører er avhengig av kor store endringar vi får i tilbudsstrukturen på sikt. Behov for kompetanseheving for tilsette i skulane på grunn av justering i tilbudsstrukturen, flytting av tilbod og ny yrkesfagstruktur frå 2020 er sannsynleg. Dette må takast i vare av skuleeigar sitt system for kompetanseutvikling for pedagogisk personale. I tillegg bør fylkeskommunen syte føre at rådgjevarane i ungdomsskulen får naudsynt informasjon og er godt kjent med endringar i søking, inntak og tilbod i vidaregåande opplæring i Vestland.

4. Sentrale politiske avklaringspunkt

Det er eit politisk spørsmål om kor mange inntaksområde VLFK skal ha, og geografisk avgrensing av desse områda. Dette spørsmålet var handsama i Fellesnemnda i desember 2018, men må til ny handsaming i nytt fylkesting vår 2020.

Fellesnemnda handsama **sak PS 19/2019 Inntak i Vidaregåande opplæring** 13.3.2019. Følgjande vedtak blei fatta:

1. Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkjarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.
Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.
2. Det vert sett i gong ein prosess mot felles inntak frå skuleåret 2021/2022 som skissert i saksframlegget.
3. Fellesnemnda ber om at nærskuleprinsippet vert utgreidd i det vidare arbeidet med val av inntakssystem til saka kjem i oktober 2019. Gjerne etter modell frå Trøndelag

Fellesnemnda handsama sak **PS 35/2019 Inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – skuleåret 2020/2021** 24.5.2019. Følgjande vedtak blei fatta:

1. Fellesnemnda tek inntaks- og formidlingsforskrift gjeldande for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020/2021 til etterretning.

Som det går fram av vedtaka fatta i fellesnemnda, er det naudsynt med fleire sentrale politiske avklaringar. Dette er det planlagt for, og høyringsutkast for inntaksområde, og inntaks- og formidlingsforskrift vil bli lagt fram hausten 2019, med endeleg politisk handsaming vår 2020. Første felles inntak i Vestland fylkeskommune vil vere skuleåret 2021/22.

Arkivnr: 2018/15997-17
Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval	18/19	02.09.2019
Fellesnemnda-AU	37/19	02.09.2019
Fellesnemnda		18.09.2019

Framlegg til partssamansetting av Yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune**Samandrag**

Prosjektleiar viser til møte i Fellesnemnda 18.06.19 RS sak 23/19 om partsamansetting og reglement for Yrkesopplæringsnemnda. Av saka går det fram at prosjektleiar skal legge fram ny sak for Fellesnemnda i september med framlegg til partssamansetting. Vedtaket i Fellesnemnda vil bli lagt til grunn for ei ny sak om opptnemning av medlemmer til den nye yrkesopplæringsnemnda i Vestland. Denne saka vil bli lagt fram fylkestinget i Vestland i oktober.

Kunnskapsdepartementet meiner at det er viktig at alle organisasjonane i det nasjonale samarbeidsorganet for fag- og yrkesopplæringa får høve til å delta i dei fylkeskommunale nemndene, og foreslår i høringsnotat 12.10.18 å lovfeste ein rett for alle organisasjonane som er representerte i det nasjonale organet til å delta i yrkesopplæringsnemndene.

Prosjektleiar tilrår at det i tråd med oppl. §12-3 og slik det går fram av saksframlegget, at det skal opprettast ei yrkesopplæringsnemnd i Vestland fylkeskommune. Yrkesopplæringsnemnda skal ha 12 faste medlemmer der arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane har fleirtal med til saman 8 representantar og der alle organisasjonane som er representerte i det nasjonale samarbeidsorganet for fag- og yrkesopplæringa blir invitert til å delta. I tillegg skal det nemnast opp to politiske representantar, ein elevrepresentant, og ein lærlingrepresentant.

Forslag til innstilling

Fellesnemnda slutter seg til innstillinga frå prosjektleiar slik det går fram av saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 14.08.2019

Prosjektleiar viser til møte i Fellesnemnda 18.06.19 RS sak 23/19 om partsamansetting og reglement for Y-nemnda. Av saka går det fram at prosjektleiar skal legge fram ei sak for Fellesnemnda i september med framlegg til partssamansetting av Yrkesopplæringsnemnda. På grunnlag av vedtaket i fellesnemnda i september vil prosjektleiar legge fram sak om oppnemning av medlemmer til den nye Yrkesopplæringsnemnda i Vestland. Saka vert lagt fram for fylkestinget i Vestland i oktober.

I følgje gjeldande rett skal yrkesopplæringsnemndene være rådgjevande organ for fylkeskommunen, og det er fylkeskommunane som har ansvaret for å nemne opp i tråd med § 12-3 i opplæringslova:

- Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som samla har «brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål».
- Det skal nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane.
- Det skal nemnast opp minst éin representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse.
- Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.
- Partane i arbeidslivet skal ha fleirtall i nemnda.
- Fylkeskommunen avgjer tal medlemmer i nemnda

Nemnda si rolle er særleg knytt til:

- kvalitet i opplæringa
- dimensjonering av opplæringstilbodet
- rådgjeving om fag- og yrkesopplæring
- regional utvikling

Opggåvene til yrkesopplæringsnemndene går fram av Opplæringslova §§ 4-3, 12-3 og 12-4. Nemnda skal fremme arbeidslivet sine behov og synspunkt ovanfor fylkeskommunane. Nemnda skal også arbeide for å sikre best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med årleg fastsetting av opplæringstilbodet.

I høyringsnotat 12.10.18 legg Kunnskapsdepartementet vekt på mellom anna følgjande i si vurdering: «Det er i dag betydelig variasjoner i hvilke organisasjoner som er representert i yrkesopplæringsnemndene. Departementet mener at sammensetningen av nemndene i størst mulig grad bør gjenspeile bredden i arbeidslivet. Yrkesopplæringsnemndene skal arbeide for å heve kvaliteten av hele fag- og yrkesopplæringen. For å leve opp til denne bestemmelsen må yrkesopplæringsnemndene være sammensatt på en måte som gir innsikt i ulike bransjer og utdanningsprogrammer.»

Departementet meiner at det er viktig at alle organisasjonane i det nasjonale samarbeidsorganet for fag- og yrkesopplæringa får høve til å delta i dei fylkeskommunale nemndene, og foreslår på den bakgrunn å lovfeste ein rett for alle organisasjonane som er representerte i det nasjonale organet til å delta i dei fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene. I dette ligg ei plikt for fylkeskommunane til å spørje desse organisasjonane i forkant av oppnemningane. Følgjande hovudsamanslutningar/organisasjonar er i dag representert i SRY: LO, YS, Utdanningsforbundet, NHO, KS, Virke, og Spekter.

Sjølv om det ikkje er vedteke ny forskrift har prosjektleiar lagt vekt på departementet si vurdering og grunngjeving i høyringsnotatet når det gjeld spørsmål om framtidig partssamansetting i Vestland fylkeskommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune har også hatt gode erfaringar dei seinare åra med tilsvarende modell med ei breitt samansett y-nemnd. Det skal nemnast opp eit arbeidsutval for nemnda.

Prosjektleiar foreslår at det i tråd med Opplæringslova § 12-3 vert oppretta ei yrkesopplæringsnemnd i Vestland fylkeskommune .

1. Yrkesopplæringsnemnda skal være samansett av personleg oppnemnde representantar frå arbeidstakarorganisasjonane (inkludert lærarorganisasjonar), arbeidsgjevarorganisasjonane, fylkeskommunale utdanningsmyndigheiter og elevar/lærlingar.
2. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane skal til saman utgjere fleirtalet i nemnda.
3. Kvart medlem er nemnd opp for fire år av gangen og skal ha ein personleg vararepresentant. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane skal til saman utgjere fleirtalet i organet.
4. Representantane for elevar og lærlingar skal nemnast opp for to år om gangen.
5. Yrkesopplæringsnemnda konstituerer seg sjølv og nemner opp eit arbeidsutval
6. Yrkesopplæringsnemnda skal nytte prøvenemndene som yrkesutval innanfor kvart av faga/fagområda
7. Yrkesopplæringsnemnda i Vestland skal ha 12 faste medlemmer der arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane har fleirtal med til saman 8 representantar. I tillegg skal det nemnast opp to politiske representantar, ein elevrepresentant, og ein lærlingrepresentant.

Forslag til partsamansetting:

LO: 2

YS: 1

UNIO/Utdanningsforbundet : 1

NHO: 1

KS: 1

Virke: 1

Spekter: 1

Politiske representantar: 2 (1 frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein frå hovudutval næring, naturressursar og innovasjon.)

Elev/lærlingrepresentant: 2

Arkivnr: 2018/16486-75
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval	19/19	02.09.2019

Etiske retningslinjer**Prosjektleder foreslår at partssamansett utval gjer følgjande vedtak:**

Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 22.08.2019

Bakgrunn for saka

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til god etisk praksis.

Grunnverdiane til Vestland fylkeskommune er «kompetent», «open» og «modig». I samsvar med verdiane skal ein tenkje og opptre etisk, òg i høve som ikkje er direkte dekt av reglane.

Dei etiske retningslinjene er skildra gjennom fire hovudtema:

- Integritet og moglege interessekonfliktar
- Personleg åtferd
- Digitale plattformer og sosiale medium
- Varsling

Tilsette har ansvar for å halde seg oppdatert om innhaldet i fylkeskommunen sine etiske retningslinjer og har ansvar for å bygge ein kultur som stettar desse retningslinjene.

Avklaring og innføring av dei etiske retningslinjene ligg innanfor fullmakta prosjektleiar har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa for Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar legg difor denne saka fram for partssamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektleiar si endelege avklaring.

Forslag til etiske retningslinjer

Prosjektleiar viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektleiar la fram forslag til etiske retningslinjer på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19. Merknader og forslag til endringar er innarbeidd i forslaget til etiske retningslinjer som gjennom denne saka vert lagt fram for partssamansett utval.

Etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til god etisk praksis.

1. VÅRE VERDIAR

Grunnverdiane til Vestland fylkeskommune er «kompetent», «open» og «modig». Dei etiske dimensjonane av desse grunnverdiane vert reflekterte gjennom retningslinjene. I samsvar med verdiane skal ein tenkje og opptre etisk, òg i høve som ikkje er direkte dekt av retningslinjene.

Dei etiske retningslinjene er her skildra gjennom fire hovudtema:

- Integritet og moglege interessekonfliktar
- Personleg åtferd
- Digitale plattformer og sosiale medium
- Varsling

2. INTEGRITET OG MOGLEGE INTERESSEKONFLIKTAR

2.1 Tillit og rettferd

Samfunnsoppdraget for Vestland fylkeskommune er formulert slik:

«Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland»

I samsvar med samfunnsoppdraget og visjonen om å vere «nyskapande og berekraftig» forvaltar fylkeskommunen verdiane til fellesskapet med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver offentleg mynde og yter tenester som er viktige for samfunnet, for enkeltindivid og for verksemder.

Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere bevisste på samfunnsansvaret som følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.

2.2 Openheit og ærlegdom

Fylkeskommunen praktiserer openheit, slik at ålmenta kan gjere seg kjent med verksemda i fylkeskommunen og få innsyn i korleis fylkeskommunen utfører oppgåvene sine. For å sikre meiroffentlegheit er det viktig å syte for korrekt journalføring og arkivering av relevant dokumentasjon.

Informasjon som vert gjeven til ålmenta, skal vere korrekt og objektiv.

2.3 Fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet

Tilsette skal sikre at arbeidet er tufta på fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet i verksemda. Dette vert gjort i samarbeid med kollegaer og leiarar og ved å leggje til grunn fagleg kunnskap og skjønning gjennom heile tenesteutøvinga.

2.4 Innkjøp og forretningsdrift

Forretningsdrifta i fylkeskommunen skal vere basert på god forretningskikk, sikre at ein følgjer gjeldande lover og reglar, og bidra til at fylkeskommunen når sine mål og oppfyller samfunnsoppdraget.

Alle innkjøp i fylkeskommunen skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar og fylkeskommunen sine retningslinjer for innkjøp og innkjøpspolitikk. Ved å fremje kunnskap og gode haldningar skal fylkeskommunen arbeide aktivt for å hindre korrupsjon, utruskap og utilbørleg påverknad av avgjerdstakarar.

Rammeavtalar med leverandørar skal ikkje nyttast av tilsette til privat bruk med mindre det er rabattordningar som er ålment tilgjengelege for alle i fylkeskommunen på like vilkår. Dette gjeld òg tilsette sine næraste.

2.5 Habilitet og interessekonfliktar

Tilsette i fylkeskommunen skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekke tilliten til at dei er upartiske. Ved tvil om habilitet skal spørsmålet takast opp, slik at næraste leiar tek stilling til spørsmålet.

Tilsette i fylkeskommunen har rett til å ta ekstraarbeid for ein annan arbeidsgjevar eller drive privat ervervsverksemd i fritida. Denne retten er likevel ikkje utan grenser:

I følgje lojalitetsplikta finst tilfelle der den tilsette uoppfordra må gje opplysingar om bierverv. Dette gjeld også når det kan vere tvil om biervervet kan vere i strid med arbeidsgjevar sine legitime interesser. Arbeidsgjevar kan i konkrete tilfelle krevje slike opplysingar dersom det er tvil om den tilsette har høve til å ha slike bierverv.

Det er ikkje høve til å gje tilsette sine næraste særskilt behandling og/eller fordelar. Dei skal behandlast på lik line med innbyggjarane elles.

2.6 Gåver og andre fordelar

Tilsette skal ikkje, korkje for seg sjølv eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som kan vere eigna til, eller der givaren har hatt til føremål, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Tilsette må ikkje nytte stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre urettkomne fordelar. Dette gjeld òg i tilfelle der desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Representasjon og liknande skal haldast innanfor vanlege og aksepterte normer for sosialt samvere. Om til dømes leverandørar tilbyr tilsette å vere med på reiser og liknande, er det ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen dekkjer utgifter til reise og opphald, sjå også punkt 3.5 om åtferd på reiser, arrangement o.a.

Dersom tilsette kjem opp i problemstillingar knytt til å ta mot gåver m.m., skal spørsmålet leggst fram for næraste overordna. Gåver og andre fordelar av ein viss verdi, skal førast opp i eget register.

3. PERSONLEG ÅTFERD

3.1 Generelt

Tilsette skal opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar fylkeskommunen sitt omdøme.

3.2 Teieplikt

Tilsette i Vestland fylkeskommune skal overhalde lovpålagt teieplikt. Fortrulege opplysningar skal ikkje nyttast til eiga vinning eller skade for andre. Teieplikta gjeld òg etter at ein har avslutta tilsetjingstilhøvet eller vervet i fylkeskommunen, og fullt ut og i høve tidlegare tilsette i fylkeskommunen. Alle tilsette skal signere eige dokument om teieplikt.

Det er ikkje tillate å søkje opplysningar som er unnateke offentlegheit i fylkeskommunale arkiv dersom dette ikkje er grunngeve i arbeidsoppgåver ein gjer for fylkeskommunen.

Naudsynt kommunikasjon av sensitive opplysningar må ikkje skje på ein slik måte at uvedkomande kan få innsyn.

3.3 Ytring og lojalitet

Arbeidsoppgåver skal utførast etter dei reglar og instruksar som gjeld for fylkeskommunen.

I samsvar med grunnverdien «open» har fylkeskommunen som mål at organisasjonskulturen i verksemda skal vere basert på tillit, openheit og takhøgd.

Fylkeskommunen ser det som viktig at tilsette med sin sakkunnskap har høve til å formidle eit kritisk og kompetent perspektiv i samfunnsdebatten.

I tilfelle der ein uttalar seg offentleg og/eller i media, skal ein gjere det klårt at ein uttalar seg på eigne vegner. Ein skal ikkje gje opplysningar som er underlagde teieplikt eller gje opplysningar som vil vere i strid med lojalitetsplikta som normalt gjeld i tilsetjingstilhøve.

Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for at den tilsette har ytringsfridom, også innan sitt eige felt. Likevel er det slik at for tilsette i sentrale stillingar vil lojalitetsplikta vere strengare enn for andre tilsette.

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særleg stilling i høve ytringsfridomen og skal tale medlemane og dei tilsette si sak. Det skal difor langt meir til før ein uttale frå ein tillitsvald eller verneombod vert vurdert som brot på lojalitetsplikta enn for andre tilsette.

3.4 Fylkeskommunens midlar, verdiar og egedelar

Fylkeskommunens midlar, verdiar og egedelar skal nyttast effektivt og til arbeidsrelaterte føremål. Det kan gjevast løyve til annan bruk dersom dette er i samsvar med gjeldande reglement.

Fylkeskommunens logo, brevhovud eller porto skal aldri nyttast i privat samanheng.

3.5 Reiser, arrangement o.a.

Tilsette skal overhalde dette reglementet når dei er på tenestereiser, kurs og andre arrangement. Sjå også punkt 2.6 om betaling for reise og opphald.

4. DIGITALE PLATTFORMER OG SOSIALE MEDIUM

4.1 Generelt

Fylkeskommunens digitale plattformer, til dømes e-postkontoar, lagringssystem o.a., skal nyttast til arbeidsrelaterte føremål. Bruk av slike system til andre føremål er berre tillate dersom det er i samsvar med gjeldande reglement.

4.2 Sosiale medium

Fylkeskommunens kontoar på sosiale medium skal nyttast til å fremje fylkeskommunens offisielle syn, og skal ikkje nyttast til å fremje personlege oppfatningar.

Tilsette skal vere medvitne si rolle i fylkeskommunen ved privat deltaking i sosiale medium.

5. VARSLING

I fylkeskommunen skal ein arbeide aktivt for å hindre kritikkverdige forhold og bidra til å rette opp i desse forholda. Dette inneber mellom anna at tilløp til konflikt skal løysast så snart råd er og på lågast mogleg nivå. Viss det er aktuelt å varsle om kritikkverdige forhold i organisasjonen, skal retningslinene om varslings i fylkeskommunen følgjast.

6. ANSVAR

Tilsette har ansvar for å halde seg oppdatert om innhaldet i fylkeskommunens etiske retningslinjer og har ansvar for å byggje ein kultur som stettar desse retningslinjene.

Alle leiarar i fylkeskommunen skal syte for at medarbeidarane er kjende med dei etiske retningslinjene.

Brot på dei etiske retningslinjene kan få arbeidsrettslege konsekvensar for den tilsette i fylkeskommunen.

Arkivnr: 2018/16486-82
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval	20/19	02.09.2019

Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune**Prosjektleiar føreslår at partssamansett utval gjer fylgjande vedtak:**

Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 23.08.2019

Bakgrunn for saka

Reglementet for reiser er utarbeidd med tanke på god og effektiv planlegging og gjennomføring av reise. Reiseverksemda skal vere nøktern, miljø- og kostnadsbevisst. All reiseaktivitet i inn- og utland skal vere relatert til definerte mål og politiske vedtak i Vestland fylkeskommune.

Avklaring og innføring av reglement for reiser ligg innanfor fullmakta prosjektleiar har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa for Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar legg difor denne saka fram for partssamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektleiar si endelege avklaring.

Forslag til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune for tilsette.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektleiar la fram forslag til etisk reglement på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19. Merknader og forslag til endringar er innarbeidd i forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, som gjennom denne saka vert lagt fram for partssamansett utval.

Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune

1. Formål

Reglement for reiser er utarbeidd med tanke på god og effektiv planlegging og gjennomføring av reise. Reiseverksemda skal vere nøktern, miljø- og kostnadsbevisst. All reiseaktivitet i inn- og utland skal vere relatert til definerte mål og politiske vedtak i Vestland fylkeskommune.

2. Verkeområde

Reglement gjeld for alle reiser som vert betalt av Vestland fylkeskommune. Det er å forstå alle som har eit tilsetjingsforhold, også søkjarar til ledige stillingar som er kalla inn til intervju.

Det er egne avtaler for reiser med elever, regulert i SGS1010.

3. Generelt om reiseverksemd

Vi skal alltid vurdere om reisa er nødvendig. Eit godt alternativ kan vere telefon-, video- og nettmøte. Alle reiser skal som hovudregel godkjennast av leiar. Reiser utanfor Norge skal godkjennast av ansvarleg fylkesdirektør i god tid før reisa tek til.

Rutinemessige faste oppdrag treng ikkje godkjenning av arbeidsgjevar. Kva som blir rekna som slike oppdrag skal avklarast med næraste leiar.

Start og slutt for reisa blir rekna frå den staden, arbeidsstaden eller bustaden der reisa startar eller sluttar.

Arbeidsstad er der arbeidstakaren arbeider til dagleg.

4. Dokumenterte reiseutgifter og føring av reiserekning

Reiseforskot skal vi normalt ikkje nytte. Den reisande nyttar fylkeskommunen si til ei kvar tid gjeldande ordning for reiseaktivitet.

Arbeidsgjevar refunderer arbeidstakar sitt tilgodehavande når reiserekning er levert. Ei reiserekning skal registrerast så snart som mogleg, og som hovudregel seinast månaden etter at reisa er avslutta.

Fylkeskommunen nyttar elektronisk reiserekningssystem, som sikrar korrekt utfylling og at rette satsar vert nytta. Utbetaling for reiseoppgjær skjer to gonger i månaden, den eine saman med lønsutbetalinga.

Når personar som er inne på enkeltoppdrag for fylkeskommunen, og skal ha reisa dekt, må tilvisar syte for at reiserekning vert skriven medan vedkomande er inne på oppdraget.

5. Avtalepartnar

Ved tenestereiser skal tilsette nytte seg av Vestland fylkeskommunen sine avtalepartnarar så langt det let seg gjere. Nærare informasjon om dei ulike avtalepartnarane er å finne på intranett.

Grunnprinsippet er at den reisande skal kunne bu nøkternt, men komfortabelt. Kostnadane ved å bu på hotell skal vurderast i forhold til om det er rimelegare med transport til og frå opphaldsstaden/ arbeidsstaden.

Ved arrangement i fylkeskommunal regi, dvs. møte, kurs og konferansar o.l., kan vi hente pristilbod frå hotell som fylkeskommunen ikkje har rammeavtale med dersom avtalehotella ikkje har kapasitet eller at det ikkje er avtalehotell på staden. Fylkeskommunen bør nytte hotell med tariffavtale for dei tilsette.

Innafor ramma av det som står ovanfor er det eit mål at vi i aukande grad nyttar miljøsertifiserte hotell, t.d. Svanemerket, Miljøfyrtårn eller ISO 14001.

Tilsette kan ikkje nytte fylkeskommunen sine avtalar, opptente bonuspoeng o.l. til private reiser. Slik bruk vert sett på som brot på arbeidstakers plikter i tenesta.

6. Reiseforsikring

Vestland fylkeskommune har teikna reiseforsikring for alle tilsette. Vilkåra for forsikringa er å finne i fylkeskommunen sin HR-portal. Ved reiser utanlands får arbeidstakar forsikringsbevis ved å kontakte HR løn.

7. Framkomstmiddel

Hovudregelen er at i dei tilfelle det er nødvendig å nytte bil for å få utført fylkeskommunen sine tenester, stiller arbeidsgjevar bil til disposisjon.

Tenestebil – Leigebil

Ved behov for bil på tenestereise skal vi primært nytte Vestland fylkeskommune sine tenestebilar. Kjørebok skal alltid førast. Dersom tenestebil ikkje er disponibel kan leiar, som har fått tildelt mynde, godkjenne at leigebil frå utleiefirma vert rekvirert. I den grad det er mogleg bør fleire reise saman i ein bil, noko som reduserer ulempene for miljøet og gir ei meir økonomisk reise totalt sett.

Det er ikkje høve til å nytte tenestebil eller leigebil til private føremål. Det er heller ikkje tillat å røyke i tenestebilane eller å ha husdyr med seg.

Privat bil

Arbeidstakar kan bruke privat bil på tenestereiser når dette er mest tenleg og når behovet for reisa ikkje kan gjennomførast tilfredsstillande på annan måte. Bruk av privat bil skal godkjennast av arbeidsgjevar før reisa tek til.

Hovudregelen er at det ikkje vert gitt godtgjersle for bruk av privat bil i dei tilfella det er arrangert felles transport. Parkeringsbøter og eventuelle andre bøter som vert påført arbeidstakar ved tenestereiser, vert ikkje dekt av arbeidsgjevar.

Kompensasjon for jamleg bruk av eigen bil i teneste

For å få utført fylkeskommunen sine tenester kan det vere aktuelt å nytte eigen bil i tenesta jamleg. I slike tilfelle skal arbeidsgjevar og arbeidstakar inngå avtale om kompensasjon. Storleiken på kompensasjonen vert godtgjort med ein inntil sum, i samsvar med staten sitt reiseregulativ SGS 1001 § 4, og etter følgjande fylkeskommunal modell:

Tal kilometer per år eller bruk av bil gjennomsnittleg tal arbeidsdagar per veke	Årleg kompensasjon
13 000 km og meir eller 5 arbeidsdagar	3/3 av gjeldande sats
10000 – 12999 km eller 4 arbeidsdagar	2/3 av gjeldande sats
7000 – 9999 km eller 3 arbeidsdagar	1/3 av gjeldande sats

Dersom eigen bil ikkje er disponibel og arbeidstakar må disponere leigebil, pliktar arbeidstakar å teikna forsikring om nødvendig. Arbeidsgjevar dekker eventuell dokumentert tilleggspremie.

Tog – buss

For den som reiser mykje med tog i tenesta er det økonomisk lønsamt å kjøpe kundekort, som vert refundert av arbeidsgjevar. Slikt kundekort kan ikkje nyttast til private reiser og/eller arbeidsreiser, jfr. punkt 5. Bussbillettart vert dekte etter sats for einskildreiser. Kvittering må leggjast ved.

«Bysykkel»

Bruk av sykkel kan ofte vere ein enkel og rask reisemåte. Tilsette i fylkesadministrasjonen, med arbeidsstad Bergen, vert oppmoda om å bruke «bysykkel» der dette er mogleg. «Bysykkel» får vi låne via Service- og informasjonscenteret.

«Flytaxi»

Vestland fylkeskommune nyttar «Flytaxi», ei særordning for dei offentlege etatane på Leikanger. «Flytaxi» samlar opp køyring til og frå Sogndal lufthamn, Haukåsen. Tilbodet gjeld ikkje for dei som kan nytte flybuss.

8. Kompensasjon for reise- og arbeidstid

Vestland fylkeskommunen nyttar:

- Statens reiseregulativ for dekning av utgifter til skyss, overnatting og kost på innanlandsreiser og reiser utanfor Norge
- Statens reiseregulativ sine satsar for reise med elev, pasient, klient
- Statens reiseregulativ ved kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta
- Definisjonen til skattelova si forskrift om «klassifisering av reise som arbeidsreise eller yrkesreise»

For stipendreiser og hospitering gjeld eigne reglar.

Skyss- og kostgodtgjersle vert dekkja i samsvar med staten sine satsar, med følgjande presiseringar:

1. Det vert ikkje gitt kostgodtgjersle på samlingar i regi av Vestland fylkeskommune, der måltida allereie er betalt av arbeidsgjevar.
2. Det vert ikkje gitt kostgodtgjersle dersom arbeidstakar i sitt daglege virke/ordinære arbeid utfører oppdrag ved ulike fylkeskommunale einingar. Dersom reisa medfører overnatting borte frå bustad,¹ vert det likevel gitt kompensasjon for kost.
3. På reise utan overnatting kan det betalast ut dagdiett, så lenge oppdragsstaden er meir enn 15 km frå reisa sitt utgangspunkt, og reisa varer meir enn 6 timer. Det er likevel ein føresetnad at arbeidstakaren har meirkostnader til kost i samband med reisa.

Unntaksvis kan vi nytte billettart som gir full fleksibilitet. Ved meir omfattande reiser rår vi til å bruke billettart som gir mindre fleksibilitet, men som gir høgare rabattar. Billettart som er heilt eller delvis ubrukte må vi melde frå om til reisebyrået omgåande. Det er arbeidstakar sitt ansvar at eventuelle avbestillingar vert gjort i tide, slik at arbeidsgjevar ikkje vert belasta for reise- og overnattingsutgifter m.m., som ikkje vert brukt.

Pålagt arbeid/møte utover ordinær arbeidstid på reiser, vert kompensert som overtid etter reglane i hovudtariffavtalen. Dette gjeld ikkje arbeidstakarar i særleg sjølvstendige stillingar som ikkje har rett på overtidskompensasjon for arbeid utover ordinær arbeidstid. Desse arbeidstakarane er heller ikkje omfatta av fleksitidsordninga, men får kompensert med 1 ekstra fridag for kvar 10. reisedag. Med reisedag forstår vi her ein heil arbeidsdag på anna lokasjon meir enn ein time reisetid frå fast kontorstad.

Reisetid innanfor ordinær arbeidstid vert fullt ut rekna som arbeidstid. Reise mellom kl. 22.00 og kl. 06.00 vert ikkje rekna som arbeidstid når arbeidstakaren har rett til nattillegg eller nyttar soveplass. Faktisk reisetid, utanom ordinær arbeidstid, vert rekna lik 1:1 arbeidstid.

¹ Det er inngått lokal særavtale om kostgodtgjersle for feltarbeidarar i Vestland fylkeskommune.

Ved reiser utanfor Norge vert reisetid i ordinær arbeidstid rekna som arbeidstid. Reisetid utanom normal arbeidstid og på frilaurdag-, søn- og heilagdaggar vert godtgjort ved at vi kan avspasere med 1:2 reisetid. Før ei utanlandsreise tek til er hovudregelen at arbeidsgjevar og den reisande skal inngå avtale om kompensasjon for arbeid og reisetid utafor normal arbeidstid, på frilaurdag-, søn- og heilagdaggar.

- *I fylgje hovudtariffavtalen (2018-2020) side 115 punkt n) vert det vist til protokoll inngått 1. juli 2005. Reglane for arbeidstid på reiser gjeldande per 30. april 2004 vert vidareført fram til 20. april 2020. Dette gjeld undervisningspersonale (omfatta av SFS 2213/2214.)*
- *Ved reise med elev, pasient, klient skal SGS1010 følgjast. Dette gjeld undervisningspersonale og andre tilsette.*

9. Iverksetjing og implementering

Leiar med delegert mynde har ansvar for at rutinane er godt kjent blant sine medarbeidarar og at dei vert etterlevd. Reglementet skal gjennomgåast og reviderast i løpet av 1. halvår 2021.

Arkivnr: 2018/16486-76
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval	21/19	02.09.2019

Retningslinjer for g aver og p askj oning i arbeidsforhold**Forslag til vedtak**

Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til retningslinjer for g aver og p askj oningar i arbeidsforhold i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til retningslinjer for g aver og p askj oning

Prosjektlear, 23.08.2019

Bakgrunn for saka

Gåver og påskjøningar er velferdstiltak som skal vere med å støtte opp om eit godt arbeidsmiljø i Vestland fylkeskommune.

Prosjektlear legg med dette fram retningslinjer for gåver og påskjøningar som grunnlag for felles praktisering i Vestland fylkeskommune.

Avklaring og innføring av eit slike retningslinjer ligg innanfor den fullmakta prosjektlear har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa av Vestland fylkeskommune. Prosjektlear legg derfor denne saka fram for partsamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektlear si endelege avklaring.

Forslag til retningslinjer

Prosjektlear viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til retningslinjer for gåver og påskjøningar i arbeidsforhold i Vestland fylkeskommune.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektlear la fram forslag til retningslinjer på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19.

Merknader og forslag til endringar i møtet er innarbeidd i forslaget til retningslinjer som gjennom denne saka vert lagt fram for partssamansett utval.

Retningslinjer for gåver og påskjøningar i arbeidsforhold

Formål

Gåver og påskjøningar er velferdstiltak som skal vere med å støtte opp om eit godt arbeidsmiljø i Vestland fylkeskommune.

Vilkår

Gåver er skattefrie etter rammer og beløpsgrenser fastsett av Finansdepartementet. Skattereglane for gåver til tilsette følger av forskrift til skattelova § 15-15-1. Dersom dei fastsette beløpsgrensene vert overstigede, er overskytande beløp skattepliktig inntekt.

Vilkåret for skattefritak er at gåva vert gitt etter ei generell ordning i fylkeskommunen og består av noko anna enn pengebeløp. Gåvekort er innafor reglane, men kan ikkje utløyast i kontantar.

Overordna ansvar

Det er eit leiaransvar å førebu og gjennomføre påskjøninga. I praksis betyr det kjøp og overlevering av gåve, og eventuelt leggje til rette for ei enkel servering. Utgifter til gåve og enkel servering vert dekkja over tenesteeininga sitt budsjett.

Det er også eit leiaransvar å syte for at retningslinjene vert praktisert likt i fylkeskommunen.

1. Lang tenestetid

Etter 25 års teneste og ved 40 års teneste i fylkeskommunen får arbeidstakar ei gåve eller eit gåvekort til ein verdi av kr 8.000. Ved overrekking av gåva kan det gjevast ei enkel servering.

Som hovudregel gjeld samanhengande tenestetid. Permisjonsperiodar med løn vert medrekna fullt ut. Permisjonsperiodar utan løn utover 3 månader, som avbryt oppteninga av lønsansienniteten, vert ikkje medrekna. Utdannings-/omsorgspermisjon utan løn vert likevel medrekna med inntil 2 år. Den som har fått delegert mynde kan i særlege tilfelle gjere unntak for hovudregelen.

2. Aldersgrense/uførepensjon

Arbeidstakarar som sluttar ved nådd aldersgrense eller på grunn av uførepensjon, skal takkast på ein verdig måte med ei gåve eller eit gåvekort (kr 200,- for kvart tenesteår avgrensa til kr 4000,-). Ved overrekking av gåva kan det gjevast ei enkel servering.

3. Sluttar i tenesta og ved sjukdom

Arbeidstakar som sluttar i fylkeskommunen etter eige ønskje, ved driftsinnskrenking eller rasjonaliseringstiltak, får overrekk ei enkel gåve, som blommar, konfekt eller liknande. Tilsvarande gjeld ved arbeidstakar sin sjukdom.

4. Gravferd

Ved ein arbeidstakar si gravferd skal det gjevast blommar eller bårerans.

5. Anna merksemd

Ved andre særskilte høve kan det gjevast ei blomsterhelsing eller liknande. Det er viktig at leiar sikrar lik handsaming av tilsette i slike tilfelle.

Arkivnr: 2018/16486-87
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval	22/19	02.09.2019

Reglement for registrering av gåver og andre fordeler for tilsette**Forslag til vedtak**

Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til reglement for registrering av gåver og andre fordeler for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 27.08.2019

Bakgrunn for saka

Denne saka inneheld eit forslag til reglement som gjeld tilsette si registrering av gåver og andre fordeler i Vestland fylkeskommune. Retningslinene gjeld både for offisielle gåver til Vestland fylkeskommune som institusjon, og gåver som tilsette personleg får eller vert tilbydde i kraft av å representere Vestland fylkeskommune.

Avklaring og innføring av eit slikt reglement ligg innanfor den fullmakta prosjektleiar har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa av Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar legg derfor denne saka fram for partsamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektleiar si endelege avklaring.

Forslag til reglement

Prosjektleiar viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til reglement for registrering av gåver og andre fordeler for tilsette i Vestland fylkeskommune.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektleiar la fram forslag til retningslinjer på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19.

Det kom ikkje fram merknader eller forslag til endringar i møtet.

Mottak og registrering av gåver og andre fordelar for tilsette i Vestland fylkeskommune

1. Føremål

Dette dokumentet gir retningslinjer som skal følgjast av tilsette i Vestland fylkeskommune ved mottak av gåver og andre fordelar, og dessutan kva reglar som gjeld for registrering av gåver og andre fordelar i Vestland fylkeskommune. Retningslinjene gjeld både for offisielle gåver til Vestland fylkeskommune som institusjon, og gåver som tilsette personleg får eller vert tilbydde i kraft av å representere Vestland fylkeskommune.

2. Retningslinjer for mottak av gåver og andre fordelar

Tilsette skal ikkje, korkje for seg sjølve eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som kan vere eigna til, eller der givaren har hatt til føremål, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Gåver som vert motteke skal i hovudsak vera av ubetydeleg verdi, t.d. blommar, konfekt, rimeleg vin, osv. Sjølv om ei gåve er av ubetydeleg verdi, er dette likevel ikkje avgjerande for om ein kan ta i mot gåva. Det må avgjerast ut frå ei konkret heilskapsvurdering i det enkelte tilfellet om ei gåve kan takast i mot.

I den konkrete heilskapsvurderinga kan blant anna følgjande moment inngå:

- I kva for ein samanheng vert gåva/fordelen motteke, her under om gåva/fordelen vert motteke på vegne av verksemda og kva for ei stilling/funksjon vedkomande har som motteke gåva/fordelen.
- Kva for ein type gåve/fordel det er, verdien på gåva/fordelen, og dessutan omstenda ved overrekking av gåva.
- Relasjonen til gåvegjevar og gåvegjevares motivasjon for å gje gåva/fordelen.

Tilsette må vidare ikkje nytte stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre urettkomne fordelar. Dette gjeld òg i tilfelle desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Representasjon og liknande skal haldast innanfor vanlege og aksepterte normer for sosialt samvere. Om til dømes leverandørar tilbyr tilsette å vere med på reiser og liknande, er det ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen dekkjer utgifter til reise og opphald, sjå også **punkt 3.5 om åtferd på reiser, arrangement o.a. i Etiske retningslinjer for Vestland fylkeskommune**.

Ved innbyding til lunsjar, middagar, faglege arrangement, osv., må det være ein klar og sakleg samanheng med den tilsette sine arbeidsoppgåver og ansvarsområde. Det må gjerast ei konkret heilskapsvurdering i det enkelte tilfellet om ein bør takka ja til slike innbydingar. Når det gjeld invitasjonar til arrangement med lite fagleg innhald, til dømes kulturelle- eller sportslege arrangement, må det òg finnast sakleg grunn for deltakinga. For offisielle representantar frå fylkeskommunen vil naudsynt deltaking reknast som ein del av arbeidsoppgåvene deira.

Dersom det vert gitt kino-, konsert-, teaterbilletter eller liknande til einingar i Vestland fylkeskommune, kan desse etter ei konkret vurdering gjevast til tilsette etter ei rimeleg fordeling mellom tilsette i fylkesadministrasjonen, skulen eller klinikken. Ei rimeleg fordeling kan vere annonsering av billetter på intranett/e-post og fordeling etter «førstemann til mølla» prinsippet, eller ved loddtrekning. Det er ein føresetnad at verdien av billetten er under kr 500,-.

Dersom tilsette kjem opp i problemstillingar knytt til å ta mot gåver m.m., skal spørsmålet leggjast fram for næraste overordna eller det «kollegiale» organet ein er medlem av.

3. Retningslinjer for registrering av g aver og andre fordelar

F rem al

F rem ålet med g averregistreringa er   gje eit samla oversyn over alle g aver Vestland fylkeskommune tek i mot, og kvar dei vert plassert i fylkeshusa/fylkeskommunale einingar, samt eit oversyn over alle g aver av ein viss verdi som tilsette personleg tek i mot i kraft av   representere fylkeskommunen.

Om g averregisteret

G averregisteret er eit oversyn over dei g aver som vert motteke av Vestland fylkeskommune som institusjon, samt g aver av ein viss verdi som tilsette tek i mot personleg i kraft av   representere fylkeskommunen. G averregisteret vil vera tilgjengeleg elektronisk i kvalitetssystemet. Alle vert gjeven lesetilgang til g averregisteret, medan politisk sekretariat og HR-seksjonen i avdeling organisasjon og  konomi og vil ha skrivetilgang.

G averregisteret vert i tillegg publisert p  www.vlfk.no.

Det er HR-seksjonen som er ansvarleg for g averregistreringa. Sp rsm al om g averregistreringa, kan rettast til denne eininga.

G aver som vert motteke av Vestland fylkeskommune eller tilsette i fylkeskommunen

Alle g aver som vert gjeve til Vestland fylkeskommune som institusjon, og som har ein p rekna varig verdi og type (til dømes kunst), skal registrerast i g averregisteret. Vidare skal g aver og andre fordelar som g tilsette tek i mot i kraft av   representere Vestland fylkeskommune, og som vert stipulert til ein verdi p  meir enn kr 500,-, registrerast i g averregisteret.

Bel psgrensa for kva for g aver og andre fordelar som skal registrerast, har som eit utgangspunkt ingen innverknad p  vurderinga av om ei g ave eller ein fordel kan takast i mot. G vemottakar m  i kvart enkelt tilfelle gjera ei konkret vurdering av om ei g ave eller fordel kan takast i mot.

Framgangsm ate for registrering av g aver:

N r ei g ave eller ein fordel vert motteke, skal tilsette skal melde dette p  e-post til postmottak.personal@hfk.no I meldinga skal det gjevast opplysningar om:

- Namn p  mottakar av g ava.
- Opplysningar om kven som er gjevar av g ava.
- I kva anledning og n r g ava vert motteke/gjeven.
- Stipulert verdi p  g ava.
- Kva type g ave ein tek i mot.

For g aver som Vestland fylkeskommune som institusjon tek i mot, skal det i tillegg verte gjeven opplysningar om kvar p  fylkeshusa/skule/eining g ava vert plassert.